



MASTEROPPGÅVE

Ei undersøking av sosiale effektar av jordskifte – ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett

A study of social effects of land consolidation – by redesigning property and perpetual right of use

Haldri Kristine Vespestad Nesse

Master i areal og eigedom

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap/Institutt for byggfag

Rettleiarar: Sjur Kristoffer Dyrkolbotn og Per Kåre Sky

22. mai 2020

Bibliotekside

TITTEL

Ei undersøking av sosiale effektar – ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett

ÅRSTAL

2020

FORFATTAR

Haldri Kristine Vespestad Nesse

RETTLEIARAR

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Per Kåre Sky

FORMAT

A4

TALET SIDER

88 // 200 sider inkl. vedlegg

NØKKEWORD

Sosiale effektar // Jordskifte // Jordskiftelova 1979 // § 2 fyrste ledd bokstav b // Jordskiftelova 2013 // § 3-4

Føreord

Masteroppgåva markerer avsluttinga på ei femårig utdanning. Masteren er eit resultat av bachelorgrada i *Landmåling og Eigedomsdesign* ved Høgskulen på Vestlandet og mastergrada *Areal og Eigedom* ved Høgskulen på Vestlandet.

I dette høve ønskjer eg å rette ein stor takk til rettleiarane Sjur Kristoffer Dyrkolbotn og Per Kåre Sky for gode og ærlege tilbakemeldingar, samt forslag til betringar gjennom prosessen og medverknad til val av tema.

Vidare vil eg rette ei takk til personalet ved landet sine jordskifterettar for god kontakt og bidraget med å sende jordskiftesaker til meg, samt partane i jordskiftesakene. Deira velvilje til å bruke tida på å delta i undersøkinga og dele synspunkt har vore svært viktig for oppgåva.

Eg vil òg rette ei takk familie og venner for støtte og oppmuntring gjennom arbeidet med oppgåva. Til slutt vil eg takke mine medstudentar for faglege diskusjonar og flotte år saman.

Haldri Kristine Vespestad Nesse

BØMLO, 22. MAI 2020

Samandrag

Masteroppgåva sitt formål var å setje lys på sosiale effektar som oppstår i ei jordskiftesak, samt korleis dei påverkar partane. Undersøkingfeltet vart avgrensa til saker etter jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b og jordskiftelova 2013 § 3-4. Det vart òg kravd at jordskiftesakene måtte vere innanfor førehandsbestemte tidsintervall:

- År 1997 – 1999
- År 2002 – 2004
- År 2007 – 2009
- År 2012 – 2014
- År 2017 – 2019

Problemstillinga i oppgåva var:

«Kva sosiale effektar medførte jordskifte etter jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b og jordskiftelova 2013 § 3-4?».

Det vart utarbeida fire underproblemstillingar for å belyse og svara på problemstillinga. Ved bruk av telefonintervju, vart 25 partar frå 11 ulike jordskifterettar intervjuet. For å belyse dei sosiale effektane av jordskifte tilstrekkeleg, var det naturleg å spørje om korleis jordskiftet påverka partane sjølv, relasjonen deira og konfliktnivået i saka. Dei fire underproblemstillingane var:

1. *Kva sosiale effektar medførte saka for partane sin relasjon, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*
2. *Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*
3. *Kva skyldte dei sosiale effektane?*
4. *Korleis utviklar konfliktnivået seg?*

For å setje lys på problemstillinga, vart kvalitativ metode med intervjuguide nytta. Bakgrunn for val av kvalitativ metode var ønskje om å gå i djupna ved hjelp av intervju.

Ved hjelp av ei teoretisk referanseramme, var hovudfunna transformasjon i relasjon, samarbeid og konflikt som følgje av jordskiftesaka.

Abstract

The purpose of this master's thesis was to study the social effects of land consolidation, and how these affected the involved parties. The thesis was limited to cases tried under The Land Consolidation Act of 1979 § 2, first paragraph, letter b, and The Land Consolidation Act of 2013 § 3-4. In addition to this, the thesis was scoped to only include land consolidation cases in the following predetermined time intervals:

- Years 1997 – 1999
- Years 2002 – 2004
- Years 2007 – 2009
- Years 2012 – 2014
- Years 2017 – 2019

The research question for this master's thesis was:

“What social effects led land consolidation after The Land Consolidation Act of 1979 § 2, first paragraph, letter b, and The Land Consolidation Act of 2013 § 3-4?”

Four additional subquestions were made, to illuminate and answer the research question. By the use of telephone interviews, 25 parties from 11 different land consolidation courts were interviewed. To understand the social effects of land consolidation to a proper extent, it was natural to ask how land consolidation affected the involved parties themselves, their relationship and the level of conflict in each case. The four subquestions were:

1. What social effects did the case have on the involved parties, and to which extent were these effects positive or negative?
2. What social effects did the case have on the involved parties' relationship, and to which extent were these effects positive or negative?
3. What caused the social effects?
4. How is the level of conflict developing?

To answer the research question, qualitative method with an interview guide was used. The reason for using a qualitative method, was a wish to achieve in-depth interviews.

By the help of a theoretic frame of reference, the main findings were transformation in relationships, cooperation and conflict as a result of the land consolidation case.

Innholdsliste

Føreord	1
Samandrag	2
Abstract	3
1 Kapittel – Innleiing.....	9
1.1 Tema for oppgåva	9
1.2 Avgrensing av temaet.....	10
1.3 Problemstilling	11
1.4 Oppgåva si struktur	12
1.5 Tidlegare arbeid	13
2 Kapittel – Metode.....	16
2.1 Innleiing.....	16
2.2 Val av metode	16
2.3 Utval av jordskiftesaker og informantar	17
2.4 Tilnærming til informantane	20
2.5 Gjennomføring av intervju	21
2.6 Intervjuguide.....	22
2.7 Feilkjelder.....	23
2.8 Validitet og reliabilitet.....	24
2.9 Etske prinsipp.....	25
3 Kapittel – Teori.....	28
3.1 Innleiing.....	28
3.2 Jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b	28
3.3 Jordskiftelova 2013 § 3-4.....	29
3.4 Effekt av jordskifte.....	30
3.5 Sosiale effektar	30
3.6 Saksbehandlinga si påverknad på partane	32
3.7 Jordskifte sine effektar	33
3.8 Konflikt	33
3.9 Jordskifteretten som konfliktløyser	34
3.10 Konfliktnivå i jordskifteretten	35
3.11 Kvinner i jordskifteretten	35
3.12 Omgrepsavklaring.....	36

4	Kapittel – Presentasjon av empiri	38
4.1	Innleiing.....	38
4.2	Delkapittelet omhandlar relasjonen mellom partane.	39
4.3	Delkapittelet omhandlar intervjuobjekta og deira kjensler.	41
4.4	Delkapittelet omhandlar saka og intervjuobjekta si oppleving av saksbehandlinga.....	44
4.5	Konfliktnivå	47
4.6	Andre funn	48
4.7	Kryssreferanse	51
5	Kapittel – Analyse og drøfting	56
5.1	Innleiing.....	56
5.2	Kva sosiale effektar medførte saka for partane sin relasjon, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?.....	57
5.3	Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?.....	65
5.4	Kva skyldte dei sosiale effektane?	69
5.5	Korleis utviklar konfliktnivået seg?.....	73
5.6	Oppsummering av drøftinga	77
6	Kapittel – Avsluttande refleksjonar	80
6.1	Refleksjonar rundt metodeval	80
6.2	Betraktningar rundt studien sitt tema og problemstillingar.....	81
6.3	Andre refleksjonar	82
7	Kjelder	85

Oversikt over figurar og tabellar

Figur 1: Oppgåva sin struktur i form av ABC-modellen (Aunsborg, et al., 2012, s. 5-8).....	12
Figur 2: Jordskifterettar med saker som oppfylte oppgåva sine krav til sakene.....	18
Figur 3: Korleis jordskifte endra forholdet til den andre part.	39
Figur 4: Talet saker med samarbeid mellom partane før og etter jordskiftesaka.	40
Figur 5: Parten si rolle i jordskifte.	41
Figur 6: Partane si bevisstgjeriing på saka i dag.	42
Figur 7: Om parten opplevde jordskifte som eit inngrep i eigedomsretten.	43
Figur 8: Korleis partane opplevde at eigedomane kom ut av saka.	44
Figur 9: Partane si oppleving av saksbehandlinga.....	44
Figur 10: Partane si oppleving av retten si rettleiing.	45
Figur 11: Partane si oppleving av forståing frå dommaren.....	45
Figur 12: Talet saker som vart gjennomført med og utan innkalla partar til rettsmøte.	46
Figur 13: Konfliktnivå før saka.	47
Figur 14: Konfliktnivå etter saka.	47
Figur 15: Konfliktnivå undervegs i saka.	48
Figur 16: Korleis eigedomane kom ut av saka.	57
Figur 17: Endringa i relasjon.	57
Figur 18: Krysstabulering: Rekvirert i samrå og Konflikt.	59
Figur 19: Krysstabulering: Rekvirert i samrå og Forholdet mellom partane etter saka.	59
Figur 20: Samarbeid før og etter saka.	63
Figur 21: Krysstabulering: Rettsmøte utan innkalla partar vs. Transformasjon i relasjon som følgje av saka.....	69
Figur 22: Krysstabulering: Rettsmøte utan innkalla partar vs. Korleis eigedomane kom ut av jordskifte.	70
Figur 23: Endring i forholdet mellom partane.	71
Figur 24: Samarbeid som følgje av saka.	71
Figur 25: Saksbehandlinga gav:	72
Figur 26: Rettleiing frå retten.	72
Figur 27: Korleis parten følte seg forstått.	72
Figur 28: Konfliktnivå før saka.	73
Figur 29: Konfliktnivå undervegs i saka.	74
Figur 30: Konfliktnivå etter saka.....	75
Tabell 1: Oversikt over dei førehandsbestemte tidsintervalla sakene må vere innanfor.	18
Tabell 2: Oversikt over talet rekvirentar, resterande part i saka, felles krav om jordskifte og tidlegare eigar kravde jordskifte.....	23
Tabell 3: Nøkkelord om kvar enkelt part.....	51

Vedlegg

Sjå eige dokument for vedlegg.

Vedlegg 1 - Informasjonsskriv om undersøkinga

Vedlegg 2 - NSD si vurdering

Vedlegg 3 - Intervjuguide

Vedlegg 4 - Ethiske prinsipp for undersøkinga

Vedlegg 5 - Transkribering 1

Vedlegg 6 - Transkribering 2

Vedlegg 7 - Transkribering 3

Vedlegg 8 - Transkribering 4

Vedlegg 9 - Transkribering 5

Vedlegg 10 - Transkribering 6

Vedlegg 11 - Transkribering 7

Vedlegg 12 - Transkribering 8

Vedlegg 13 - Transkribering 9

Vedlegg 14 - Transkribering 10

Vedlegg 15 - Transkribering 11

Vedlegg 16 - Transkribering 12

Vedlegg 17 - Transkribering 13

Vedlegg 18 - Transkribering 14

Vedlegg 19 - Transkribering 15

Vedlegg 20 - Transkribering 16

Vedlegg 21 - Transkribering 17

Vedlegg 22 - Transkribering 18

Vedlegg 23 - Transkribering 19

Vedlegg 24 - Transkribering 20

Vedlegg 25 - Transkribering 21

Vedlegg 26 - Transkribering 22

Vedlegg 27 - Transkribering 23

Vedlegg 28 - Transkribering 24

Vedlegg 29 - Transkribering 25

Del I – Innleiing

Innleiing	s. 9
Tema for oppgåva	s. 9
Avgrensing av temaet	s. 10
Problemstilling	s. 11
Oppgåva sin struktur	s. 12
Tidlegare arbeid	s. 13

1 Kapittel – Innleiing

Det fyrste kapittelet presenterer oppgåva sitt tema, problemstilling og tidlegare arbeid.

Avgrensing av temaet og oppgåva si struktur er òg ein naturleg del av kapittelet.

1.1 Tema for oppgåva

Jordskifteretten behandlar ca. 1 000 saker årleg. Dette svarar til meir enn 10 000 partar (Landbruks- og matdepartementet, 2018). Det er forventa at eit jordskifte har store effektar. Både miljømessige-, økonomiske-, juridiske-, arronderingsmessige- og sosiale effektar. Føremålet med denne masteroppgåva er å undersøkje jordskiftesaker etter jordskiftelova 1979 (heretter jskl. 1979) § 2 fyrste ledd bokstav b *Forme ut eigedomar på nytt ved ombyting av grunn og rettar* og jordskiftelova 2013 (heretter jskl. 2013) § 3-4 *Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*. Det skal vurderast kva sosiale effektar desse sakene medfører, samt setje lys på transformasjon i sosiale forhold. Ved å undersøkje saker innanfor ulike tidsintervall, er siktemålet å få fram variasjonen og langtidsperspektivet i dei sosiale effektane.

Eit viktig element i vurderinga av kva effekt er, er om partane handlar annleis etter jordskiftet samanlikna med før jordskiftet (Engjoberg, 1986, s. 3). Sosiale effektar er «*hvordan jordskifte påvirker enkeltmennesket og relasjonen mellom mennesker*» (Sky, 2009, s. 385). Det er ikkje krav om å prøve ei slik effekt ved fremming av kvar enkelt sak (gjeld ikkje jskl. 2013). Likevel representerer effekten både potensiell nytte og ulempe for kvar enkelt (Austenå & Øvstedal, 2000, s. 46-47). Omfanget av dei sosiale effektane avhenger av både sakstype og konfliktnivå.

I 1988 samlast europeiske ekspertar innanfor jordskifte i Tyskland. Oppsummeringa trakk fram behovet for å ta omsyn til sosiale konsekvensar (Läpple, 1992, s. 10). Vidare skriv Sky og Elvestad (2020, s. 2) at sosiale konsekvensar har fått for lite fokus i Noreg. Jordskifteretten har ikkje ansvar for saka etter jordskifte vert rettskraftig. Difor har jordskifteretten lite kunnskap om kva som skjer etter. Dette skal oppgåva forhåpentlegvis bidra til å setje lys på.

Masteroppgåva omfattar både ein praktisk del og ein teoretisk del. Den praktiske delen inneberer datainnsamling i form av djupneintervju med 25 partar, medan den teoretiske delen skal gi ei teoretisk referanseramme.

Det tidlegare jordskifte bestod i hovudsak av reduksjon av teigdeling ved jordombyting (makeskifte). Både innmark og utmark bestod av teigdeling, problematiske bruksrettar og upraktiske former på

teigane. Jordskifteverket sitt arbeid har medført store endringar, blant anna ved å utføre tiltak som samanslåing av teigar og endring av bruksrettar (Engjaberg, 1986, s. 1).

1.2 Avgrensing av temaet

Ei oppgåve med tittelen «*Ei undersøking av sosiale effektar av jordskifte – ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*» kan i utgangspunktet vere svært omfattande. Oppgåva kan generere mange ulike problemstillingar. På bakgrunn av det, er det viktig å avgrense omfanget av oppgåva sitt faglege tema.

Oppgåva blir dermed avgrensa til å undersøkje dei sosiale effektane som følgje av jordskiftesaker handsama etter jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b *Forme ut eigedomar på nytt ved ombyting av grunn og rett*ar og jskl. (2013) § 3-4 *Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*.

Når det gjeld avgrensing i tid, må dei utvalde jordskiftesakene vere innanfor eit bestemt tidsintervall.

Dei ulike tidsintervalla som skal bli undersøkt er:

- 1997 – 1999 (20 – 22 år gamle saker)
- 2002 – 2004 (15 – 17 år gamle saker)
- 2007 – 2009 (10 – 12 år gamle saker)
- 2012 – 2014 (5 – 7 år gamle saker)
- 2017 – 2019 (0 – 2 år gamle saker)

Grunnlaget for analysen er partane sine synspunkt.

1.3 Problemstilling

Hovudmålet ved oppgåva er å undersøkje kva positive og negative sosiale effektar jordskiftesaka har påført parten sjølv og relasjonen mellom partane. Drivkrafta bak valet av problemstillingar var nysgjerrigheita mi på korleis partane føler at saka har påverka dei sjølve og relasjonen deira til motpart.

Problemstillinga for oppgåva er:


«Kva sosiale effektar medførte jordskifte etter jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b og jordskiftelova 2013 § 3-4?».

Temaet fremjar mange interessante og ulike underproblemstillingar som kunne takast fatt i. Eg har valt å sjå på saka si innverknad på partane sjølv, partane sin relasjon og konfliktnivået deira. Det vart òg naturleg å sjå på eventuelle forandringar partane sin situasjon før vs. etter jordskiftet, og korleis det påverka dei. På bakgrunn av dette var det ønskjeleg å belyse problemstillinga ved å nytta følgjande underproblemstillingar:

- *Kva sosiale effektar medførte saka for partane sin relasjon, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*
- *Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*
- *Kva skyldte dei sosiale effektane?*
- *Korleis utviklar konfliktnivået seg?*

Målet med problemstillingane er å klarleggje så mykje som mogleg på det gitte tidspunkt.

1.4 Oppgåva si struktur



Figur 1: Oppgåva sin struktur i form av ABC-modellen (Aunsborg, et al., 2012, s. 5-8)

ABC-modellen (fig. 1) er ei oversikt over strukturen for oppgåva, og er utvikla ved Aalborg Universitet (Aunsborg, et al., 2012, s. 5-8). Oppgåva består av tre delar; ein innleiande-, beskrivande og konkluderande del.

A – den innleiande delen:

Del I – Innleiing introduserer undersøkinga for lesaren. Kapittelet presenterer blant anna tema, problemstilling og avgrensing av oppgåva.

B – den beskrivande/analyserande delen:

Del II – Metode beskriver korleis oppgåva vart gjennomført, samt kva metodar som er nytta og korleis dei er nytta.

Del III – Teoretisk referanseramme presenterer relevant teori for undersøkinga.

Del IV – Presentasjon av empiri opplyser, beskriver og presenterer funna frå intervju.

C – den konkluderande delen:

Del V – Analyse og drøfting er framstillinga sin avsluttande del. I den konkluderande C-delen samlast alle trådane frå A og B-delen. Hovudpoenget med denne delen er å svara på problemstillingane og trekkje konklusjonar.

Del VI – Avsluttande refleksjonar reflekterer og summerer oppgåva.

1.5 Tidlegare arbeid

Temaet sosiale effektar av jordskifte har tidlegare blitt behandla blant anna i artiklar, bøker og masteroppgåver. Arbeidet har hatt innverknad både som kjelde og inspirasjon på denne studien. På bakgrunn av dette, syner eg til tidlegare arbeid i dette delkapittelet.

[Per Kåre Sky og Helén Elisabeth Elvestad \(2020\)](#)

Land consolidation – an emotional process for the parties involved omhandlar blant anna korleis partane sine kjensler og sosiale konsekvensar kan takast til betraktning ved jordskifte. Partane har gjerne sterke band og sosiale forhold til tomter og eigedomar. På bakgrunn av det kan det vere ein emosjonell prosess for partane å måtte forholde seg til nye eigedomar og naboar.

[Helén Elisabeth Elvestad og Per Kåre Sky \(2019\)](#)

Artikkelen *Effects of Land Consolidation in Norway* analyserer dei ulike effektane av jordskifte og deira innverknad på distriktsutvikling i Noreg. Dei observerte effektane vert delt inn i fire typar effektar: økonomiske og romlege, juridiske, miljømessige og sosiale. Analysen viser at

verknadane av jordskifte er vanskelege å estimera eller berekna.

[Cathrine Liss Hoddevik \(2012\)](#)

Masteroppgåva *Ein studie av effektar av jordskifte – Ved etablering av vegar etter jordskiftelova § 2 bokstav e)* går djupare inn i dei økonomiske effektane, miljømessige effektane og endringar i den sosiale relasjonen mellom partane. Sakstypen som vert undersøkt er sams tiltak etter jskl. § 2 bokstav e.

[Gunn Hege Myrvold \(2012\)](#)

Masteroppgåva *Effektstudie ved jordskifte I henhold til sams tiltak i vegen etter jordskifteloven § 2 bokstav e* belyser ulike effektar av jordskiftesaker, derunder økonomiske og arronderingsmessige, juridiske, miljømessige og sosiale effektar i saker etter jskl. § 2 bokstav e.

[Anne Katrine Laskemoen \(2011\)](#)

Masteroppgåva *En studie av sosiale effekter av jordskifte – ved oppløsning av sameie* undersøkte om oppløysing av sameie medførte sosiale effektar for partane, om dei sosiale effektane slo ut positivt eller negativt og kva som skylda dei sosiale effektane.

Per Kåre Sky (2009)

Jordskiftets ulike effekter gjennomgår effektane: økonomiske og arronderingsmessige, juridiske, miljømessige og sosiale effektar knytt til jordskifte. Det vert i tillegg vist til både norske og utanlandske studie av omgrepa.

Ivar Øygard, Sverre Høyvik, Marta Olsen, Lars Verklund og Inger Anne Fånes Sætermo (2009)

Rapporten *Gevinstbetraktninger ved jordskifte* beskriver konfliktnivå, overordna gevinstvurdering og vurdering av moglege gevinstar i jordskiftesaker.

Oddmund Roalkvam (2003)

Hovudoppgåva *Jordskiftelova § 3 a og «nyttan for kvar einskild eigedom»* viser til undersøking av to jordskiftesaker hjå Lista jordskifterett. I oppgåva vart det drøfta kva jordskifteretten legg til grunn i nyttevurderinga, samt identifiserte sosiale- og juridiske effektar ved jordskifte.

Ivar Engjåberg (1986)

Meldinga inneheld studie av tre jordskiftefelt i Møre og Romsdal. Formålet til studie var å påvise og vurdere totaleffektar av jordskifte. Det vart undersøkt effektar av arrondering i skog, oppløysing av sameige, bygging av skogsvegar, bruksordning, innmarksjordskifte med utflytting, samt sosiale verknadar av jordskifte.

Paul Borgedal (1959)

Kapittelet *Jordskiftets betydning for landbruk og samfunn* er ein del av boka *Jordskifteverket 100 år: 1859-1958*. Kapittelet beskriver jordskifte si sosiale betydning i Noreg.

Del II – Metode

Innleiing	s. 16
Val av metode	s. 16
Utval av jordskiftesaker og informantar	s. 17
Tilnærming til informantane	s. 20
Gjennomføring av intervju	s. 21
Intervjuguide	s. 22
Feilkjelder	s. 23
Validitet og reliabilitet	s. 24
Etiske prinsipp	s. 25

2 Kapittel – Metode

2.1 Innleiing

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, 1985, s. 196).

Metodekapittelet skal gi ei innføring i framgangsmåten som vart nytta i undersøkinga. Derunder skal det bli gjort greie kva forskingsmetode som vart nytta, kvifor den vart nytta, utvalet av jordskiftesaker og informantar, tilnærming til informantane, gjennomføring av intervju, intervjuguide, feilkjelder, validitet og reliabilitet og etiske prinsipp.

Kapittelet vil ikkje vere uttømmmande når det gjeld metode.

2.2 Val av metode

Olav Dalland (2012, s. 112) presenterer som metode som eit reiskap i undersøkinga. For at undersøkinga skal bli god, er det viktig at reiskapen nyttast på korrekt måte. Det er i tillegg metoden som bidreg til å samle inn den informasjonen eller dataen ein treng til undersøkinga. På bakgrunn av dette er det difor viktig å velja rett metode.

Val av problemstillingar er det som avgjer kva metode ein bør nytta. I denne undersøkinga var formålet å gå djupare inn i dei sosiale effektar av jordskifte i saker etter jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b og jskl. (2013) § 3-4. Målsettinga var å intervju partar i desse typane saker, og undersøkje kva tankar, kjensler og opplevingar kvar enkelt part hadde i forbindelse med jordskiftesaka.

Beskrivinga av målsettinga til oppgåva passa svært godt til Dalland si beskriving av kvalitativ metode, som «tar sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle» (Dalland, 2012, s. 112).

Omgrepet kvalitativ viser til eigenskapar eller karaktertrekk ved fenomen. Målsettinga ved den kvalitative undersøkinga var å få fram følsemd, djupna, det særeigne, fleksibilitet, nærleik til feltet, heilheit, forståing og å sjå fenomenet innanfrå (Dalland, 2012, s. 113).

Motsett har ein kvantitativ metode. Fordelen med kvantitativ metode er «at den gir data i form av målbare enheter» (Dalland, 2012, s. 112), noko som gjev ein moglegheit til å utføre rekneoperasjonar. Den kvantitative metoden er delvis ikkje relevant i denne undersøkinga, då undersøkinga verken går i breidda, inneberer spørjeskjema eller utfører rekneoperasjonar. I

kapitlet om *Presentasjon av empiri* møter ein på kvantitativ presentasjon av dei kvalitative intervju. Til tross for framstilling av funn ved diagram og tabellar, beveg undersøkinga seg ikkje over i ein kvantitativ studie. Dette kjem me tilbake til i kapittel 4.

Val av metode var som sagt i stor grad styrt av kva eg ønskja å finne ut, samt faktorar som avgrensar oppgåva. Hovudsaklege avgrensingar i oppgåva var økonomi og tid. Oppgåva hadde ei tidsavgrensing på eit skulesemester, noko som førte til at eg måtte ta visse val. Blant anna om eg skulle reise landet rundt for å intervju partar eller om eg skulle utføre telefonintervju? Og skulle eg halde 10 intervju pr. tidsintervall (50 intervju totalt) eller 5 intervju pr. tidsintervall (25 intervju totalt). Dette kjem ein tilbake til i delkapittel 2.3 *Utval av jordskiftesaker og informantar*.

Ein annan faktor som spelte ei rolle i denne undersøkinga var avhengigheit til partane. Studien baserer seg tross alt på partar i jordskiftesaker si oppleving og erfaring. Framande personar måtte samtykke til å delta i undersøkinga, samt vere villige til å ofre litt av tida si på å bli intervju. Dersom partane ikkje hadde vore villige til å delta på intervju, hadde det heller ikkje vore mogleg å gjennomføre undersøkinga.

2.2.1 Metodekritikk

Informantane har ulike forhold og oppfatningar av eigeidomane sine. Under intervju vart blant anna informantane bedt om å estimera saka si effekt på den psykologiske velværa og arealet si kjenslemessig verdi, på ein skala frå 1-10. Ettersom informantane ser føre seg ulike målstokkar, er det dermed vanskeleg å måle nytteverdien i same skala.


2.3 Utval av jordskiftesaker og informantar

Hausten 2019 ba eg jordskifterettane i Noreg om å sende meg jordskiftesaker. Det vart stilt krav om at sakene måtte vere innafør dei førehands bestemte tidsintervalla (tabell 1) og innanfor jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b og jskl. (2013) § 3-4. I løpet av seinhausten og vinteren byrja sakene å komma. Å be alle jordskifterettane om saker var eit taktisk val. Det alltid ligg ein risiko for at nokre ikkje svarar og nokre ikkje har saker innanfor dei stilte krava. Sannsynet for å få tilsendt saker var større ved bruk av den metoden.

Tabell 1: Oversikt over dei førehandsbestemte tidsintervalla sakene må vere innanfor, samt talet informantar pr. tidsintervall.

Tidsintervall	Talet informantar pr. tidsintervall
1997 – 1999	5
2002 – 2004	5
2007 – 2009	5
2012 – 2014	5
2017 – 2019	5

Totalt svara 18 jordskifterettar spreidd fordelt i Noreg, noko som gav oppgåva moglegheit til å undersøkje større delar av landet. 11 av 18 jordskifterettar sine tilsendte saker oppfylte dei førehandslaga kriteria til sakene. Kva jordskifterettar dette var, ser du på kartet i figur 2.



Figur 2: Jordskifterettar med saker som oppfylte oppgåva sine krav til sakene.

Bakgrunnen for valet av tidsintervalla i tabell 1 var ønskje om å undersøkje om effektane etter saka påverka partane i fleire år etterpå, og for å skape eit breiare perspektiv i undersøkinga. Ved å velje saker som er 0-2 år, 5-7 år, 10-12 år, 15-17 år og 20-22 år fekk ein blant anna moglegheit til å undersøkje om det var store variasjonar eller mønster, jo eldre sakene vart. Undersøkinga får i tillegg variasjon i form av «nye» og «gamle» saker, samt «ferske» og «modne» tankar frå partane si side.

Utvalet av informantar til intervju vart henta ut av dei tilsendte sakene. Ein kan sei at utvalet av informantar var strategisk valt, ettersom utvalet bestod av personar som hadde bestemte kunnskapar og erfaringar som eg søkte (Dalland, 2012, s. 163). Dei førehandsbestemte kvalifikasjonane ved utvalet var som sagt, at dei måtte ha vore part i ei jordskiftesak innanfor eit av dei bestemte tidsintervalla og innanfor jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b eller jskl. (2013) § 3-4. Det som igjen avgrensa utvalet av informantar, var innhentinga av kontaktinformasjon. Ikkje alle partane var registrert i offentlege telefonkatalogar, og dermed vart adressesøk ein avgrensande metode.

Ei utfordring som dukka opp undervegs var at «jo eldre sakene var, jo vanskelegare var det å finne partar». For det fyrste fekk eg ikkje tilsendt få eldre saker, og for det andre var opp til fleire partar døyde. Difor førte òg dette til ei avgrensing av utvalet av informantar.

Det er intervju ein part frå kvar sak. Grunnen til dette var at 15 av 25 saker (figur 5) var rekvirert av partane saman. På bakgrunn av rettsbøkene si framstilling av einigheit mellom partane, har eg valt å kun intervju ein part pr. jordskiftesak. Dette for å få eit større perspektiv på denne typen saker og deira sosiale effektar. Til tross for kun ein informant pr. jordskiftesak, har eg komme fram til at ein likevel får forståing og innblikk i partane si oppfatning og kjensler rundt sosiale effektar av jordskiftesaka. Ein bør ta til betraktning at ein kun høyre ei side av jordskiftesaka.

Ingen saker var like, og dermed var det behov for å undersøkje meir enn ein sak pr. tidsintervall. I utgangspunktet tenkte eg 10 saker pr. tidsintervall, men etter kvart innsåg eg at det fort kunne bli litt mykje. Totalt hadde det blitt 50 intervju, og ikkje minst 50 transkriberingar. Oppgåva si tidsavgrensing gav avgrensingar i blant anna talet intervju som skulle haldast. Intervju vart avgrensa til 5 stk. pr. tidsintervall, og totalt 25 intervju. I vurderinga om 5 intervju pr. tidsintervall var nok, kom eg fram til at talet var nok til å gi eit bredt perspektiv på korleis relasjonar utvikle seg, samt kva sosiale godar og utfordringar partane møter ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett. Samstundes kom det fram undervegs i kontaktprosessen, at det ikkje var moglegheit å få tak fleire enn 5 intervjuobjekt pr. tidsintervall. Få saker som oppfylte dei førehandslaga kriterier, avgrensinga ved adressesøk, døde partar og partar som ikkje ønskja å delta, var i hovudsak årsaka til avgrensinga på 5 intervjuobjekt pr. tidsintervall.

Kun 3 av 25 partar var kvinner. Kva som er årsaka til at kvinner generelt ikkje er partar i jordskiftesaker, er usikkert. I bacheloroppgåva *Kva kjenneteiknar tre-konfliktar etter grannelova?* var det sameleis. Eit av funna frå intervjuet var at «kvinnene bidreg mest i forkant av rettssaka med å formulere argumenta, medan mennene er mest på hogget for å gjennomføre rettssaka» (Åsbø, Fosse & Nesse, 2018, s. 51). Det er mogleg at dette påverkar kven som står oppført som partar i jordskiftesaker òg.

Utvalet av informantar kan òg verte påverka av kven som likar å stå fram i offentlegheita, samt dei som hadde ei god oppleving i jordskifteretten. Dei som ikkje ønskja å delta i undersøkinga er kanskje dei som ikkje likar å stå fram og utgje seg sjølv om ei dårleg erfaring.

2.4 Tilnærming til informantane

Partane sin kontaktinformasjon vart henta frå offentlege telefonkatalogar, samt kontrollert opp mot adressa i eigedomsregisteret matrikkelen. Dette for å kontrollere at korrekt person vart ringt til. Partane vart ringt til for å få spørsmålet om dei ville og hadde anledning til å bidra til undersøkinga. Informantane vart gjort merksemd på informasjonen i informasjonsskrivet (vedlegg 1 – informasjonsskriv om undersøkinga), samt tilbydd å få informasjonsskrivet tilsendt.

Oppslutninga på talet informantar var så som så. Informantane var imøtekommande, men det var tydeleg at eit intervju om makebytte ikkje var ekstremt engasjerande.

I nokre av rettsbøkene var det oppført partar som ikkje vart påverka av jordskiftet. Desse partane var ikkje av interesse i denne undersøkinga.

Informasjonsskrivet vart danna i tråd med NSD – Norsk senter for forskningsdata, samt godkjent av NSD (vedlegg 2 – NSD si vurdering). Skrivet inneheld formålet med undersøkinga, kven som var ansvarleg for forskingsprosjektet, kvifor parten får spørsmål om å delta, kva det inneberer å delta og korleis parten kan finne ut meir. Annan viktig informasjon i skrivet er opplysningane rundt frivilligheita av å delta, anonymitet, personvern, derunder korleis informantane sine opplysningar blir brukt og bevart, kva rettar informantane har så lenge dei kan identifiserast i materialet og kva som skjer med informantane sine opplysningar ved avslutting av forskingsprosjektet.

2.5 Gjennomføring av intervju

Til å hjelpe meg å halde kontroll på kva spørsmål og tema som skulle takast opp under intervjuet, nytta eg ein intervjuguide (meir informasjon om intervjuguiden - sjå kap. 2.6 *Intervjuguide*).

Spørsmåla i intervjuguiden var semistrukturerte, derav var spørsmålsformuleringa unøyaktig nedteikna. Tema og spørsmåla var meint til å vere stikkord eller korte beskrivingar som eg tok utgangspunkt i ved formuleringa av spørsmåla. Eit semistrukturert intervju har fordel i at det går i djupna og kartleggje fenomen, og intervjuet tilpassast den enkelte. Kvart intervju er ulikt, og dermed gir det semistrukturerte intervjuet intervjuaren moglegheit til å formulere nye spørsmål undervegs i intervjuet. På den måten får ein følgt opp det informanten seier. Detaljnivået på intervjuguiden avhenger av intervjuaren sin førehandskunnskap om sakene, samt intervjuaren si sjølvikkerheit i intervjusituasjonen (Lotherington, 1990, s. 4). For min del kjente eg verken til sakene (med unntak av det eg har lest i rettsbøkene) eller partane, og difor vart detaljnivået nokså stort.

2.5.1 Telefonintervju

Sakene var som sagt spreidd i heile Noreg, og det var 25 partar som skulle intervjuast. På grunn av undersøkinga si tidsavgrensing og covid-19, var telefonintervju det beste alternativet for å nå ut til flest mogleg på kortast mogleg tid.

I den fyrste telefonsamtalen med informantane presenterte eg meg sjølv, samt gav informasjon om oppgåva og kvifor eg ønskja å halde intervju med han/ho. Under denne samtalen vart òg informasjonsskrivet frå NSD presentert og informantane vart gitt tilbod om å få skrivet tilsendt. Av ulike grunnar som jobb, fritidsaktivitetar og barn, hadde informantane ikkje moglegheit til å ta intervjuet på sparket. Det vart difor avtalt eit seinare tidspunkt for gjennomføring av intervjuet.

Til tross for at det var avtalt eit tidspunkt for intervjuet, var det nokre informantar som likevel ikkje tok telefonen. Slike avslag må ein gjerne rekne med ved intervju av ukjente personar.

Før intervjuet las eg meg opp på sakene, og på den måten fekk eg ei betre forståing for kva partane snakka om og forklarte. Førebuinga framstilte meg som ein sjølvikker og tydeleg intervjuar, samt forhåpentlegvis gav informantane tryggleik.

Under intervjuet vart informantane informert om at det skulle takast lydopptak av samtalen, og at lydopptaket deretter transkriberast og slettast. Ettersom det vart teken lydopptak, noterte eg ikkje for hand undervegs.

Avslutningsvis i intervjuet repeterte eg informasjonen om informanten sine rettar så lenge han eller ho kunne identifiserast i datamaterialet. Derunder rett til innsyn om kva personopplysningar som er registrert og moglegheit til retting og sletting av personopplysningar.

Telefonintervju bringer med både ulemper og fordelar. Den største ulempa er at ein mister kroppsspråket til informanten. Kroppsspråket seier i utgangspunktet mykje, og spesielt ser ein på kroppsspråket om informanten er usikker eller føler ubehag. I denne undersøkinga følte eg ikkje på mangelen av kroppsspråket. Informantane var svært konsise i uttrykkinga si, noko som ikkje gav kjensla av usikkerheit og ubehag.

Telefonintervjuet si mangel på «face-to-face» kontakt kan òg føre til mangel på oppriktige svar, noko undersøkinga prøver å ta omsyn til.

Fordelar med telefonintervju er at det er effektivt og tidssparande, noko som passar godt i ei undersøking med tidsavgrensing. I den fyrste samtalen med partane dukka spørsmålet om intervjuet skulle takast «face-to-face» opp støtt. Informantane gav beskjed om at det hadde dei verken tid eller anledning til. Derimot når eg sa at det var eit telefonintervju rundt 15 min. vart informantane villige til å bidra i undersøkinga. Det verka som partane synst at eit telefonintervju var mindre krevjande og stressande.

Arbeidet med intervjuet var svært tidkrevjande. Kvar gong ein part skulle til ringjast, måtte saksdokumenta lesast. Det hendte støtt at partane ikkje svara eller ikkje ønska å delta i undersøkinga. Mange timar gjekk vekk i denne prosessen, som ein ikkje ser att i oppgåva. Andre dag i intervjuprosessen, kontakta eg 18 partar. Av desse var det kun to stk. som ønska å delta i undersøkinga. Totalt vart det nytta 1,5 månad på å fullføre alle intervjuet.

2.6 Intervjuguide

Ein intervjuguide er som sagt ei liste over spørsmål og/eller tema som er ønskelege å ta opp under intervjuet (Lotherington, 1990, s. 4). Det må takast til betraktning at intervjuet var semistrukturert, noko som har ført til at andre spørsmål har dukka opp undervegs i intervjuet som ikkje blitt skriven opp i intervjuguiden.

Formålet til intervjuguiden var å leie meg som intervjuar gjennom intervjuet. Intervjuguiden bidrog til å skape ei samtaleform som skapte kunnskap, og det er nettopp det som kjenneteiknar det kvalitative intervjuet (Dalland, 2012, s. 167).

Eg nytta den same intervjuguiden i alle intervju, ettersom det førte til ein lik struktur på intervju. Oppsettet for intervjuguiden er som følgjande: fyrst spørsmål om parten sjølv, deretter spørsmål om partane sin relasjon, kva som skyldte dei sosiale effektane og til slutt korleis konfliktnivået utviklar seg undervegs i saka. Målet med utforminga på spørsmåla var å skaffe kunnskap innanfor problemstillingane, samt å vise til kva informasjon som var ønskjeleg å innhente for å svara på problemstillingane.

Kva spørsmål intervjuguiden innehaldt, finn du i vedlegg 3.

2.7 Feilkjelder

Ei undersøking er utsett for feil av ulike slag. Dokumentasjon og førebuing kan redusere moglegheita for at slike feil oppstår undervegs i undersøkinga. I dei neste avsnitta vil moglege feilkjelder bli presenterte.

I denne undersøkinga er det kun intervju ei partsside. På den måten får ein kun historia frå ei side, noko som kan vere ei ulempe. Likevel vart det gjort slik for å gi oppgåva eit breiare innblikk ved å undersøkje fleire ulike partar frå ulike saker, og ikkje minst for å la undersøkinga dekkje ein større del av Noreg. Informantutvalet bestod i hovudsak av partar som hadde rekvirert jordskiftesak i saman. Partane var nokså einige om korleis makebytte skulle verta, og fekk jordskifteretten til å gjere jobben. Dersom alle partane i same sak skulle vorte intervju, ville oppgåva sannsynlegvis blitt svært einsretta og ein hadde mista mangfaldet i oppgåva. For å sørge for balanse og mangfald i oppgåva, vart det variert mellom å intervju rekvirentar, resterande partar i saka, rekvirentar ved felles krav og ein part som overtok saka etter tidlegare eigar. Oversikta over dette ser du i tabell 2.

Tabell 2: Oversikt over talet rekvirentar, resterande part i saka, felles krav om jordskifte og tidlegare eigar kravde jordskifte.

Rekvirent	6
Resterande part i saka	3
Felles krav om jordskifte	15
Tidlegare eigar rekvirerte sak	1

Det må takast til vurdering at eg som intervjuar og den måten eg spurde spørsmåla på, kan ha hatt innverknad på svara til informantane – den så kalla undersøkingseffekten (Jacobsen, 2010, s. 141). I kva grad intervjuar si deltaking har hatt innverknad på intervju, er usikkert. Likevel er det grunn til å tru at den evt. unøyaktigheita var like stor under alle intervju.

Jacobsen (2010, s. 111) presenterer konteksteffekten som ei mogleg feilkjelde. Det vil seie at plassen eller situasjonen informantene var i under gjennomføringa av intervjuet, kan ha skapt spesielle resultat.

Sakene som vert undersøkt er opp til 22 år gamle, altså nokså gamle saker. Nokre av informantane har gjerne vore i fleire saker for jordskifteretten, har hatt fleire konflikter med motpart eller har vanskeleg med å hugse så langt tilbake i tid. Det er ei usikkerheit knyta til kva grad informantane hugsar saka, samt i kva grad partane klarer å isolere ut den omtalte jordskiftesaka. Utfordringa for partane var gjerne å skilje mellom det som er direkte fylgjer av jordskiftet, og det som er eit resultat av andre verkemiddel og tiltak. Slike utfordringar kan ha påverknad på svarea som vart gitt under intervjuet og resultatene av undersøkinga.

Ein tenkjer gjerne at resultatene av undersøkinga har vorte påverka av geografisk plassering og praksis hos jordskifterettane. På bakgrunn av ulike årstal for avslutting av sakene, ulike kommunar og ulik handsaming av ulike jordskifterettar, er det grunn til å tru at spreininga i datamaterialet ikkje påverkar resultatet av undersøkinga.

2.8 Validitet og reliabilitet

I det ein har gjennomført ei undersøking bør ein vurdere kvaliteten av datamaterialet, derunder om kvaliteten er tilstrekkeleg for å trekke konklusjonar. For at metoden skal gi truverdig kunnskap, må krava til validitet og reliabilitet vere oppfylt. Det vil seie empirien sin relevans, gyldigheit, pålitelegheit og truverd (Jacobsen, 2010, s. 20). Dersom denne undersøkinga skal kunna nyttast i framtidige studiar, krev ein at empirien er reliabel og validert. I dei påfølgjande avsnitta blir oppgåva si gyldigheit og pålitelegheit presentert.

2.8.1 Intern validitet

Intern validitet omhandlar i kva grad innsamla data og trekte konklusjonar er korrekte (Jacobsen, 2010, s. 142). Altså i kva grad eg kan konkludere med at ein sosial effekt skyldast årsaka eg meiner, eller om andre utanforliggjande årsaker er like sannsynlege. Etter gjennomføringa av arbeidet og analyse av resultatene, meiner eg at analysen har testa og svarea på problemstillinga. Det er forholdsvis god kontroll på moglege feilkjelder (delkapittel 2.7 *Feilkjelder*) i arbeidet, og deira påverknad på resultatene. Oppgåva svarar presist på problemstillingane (delkapittel 1.3 *Problemstilling*). På bakgrunn av dette sjåast oppgåva å ha høg intern validitet.

2.8.2 Ekstern validitet

Ekstern gyldigheit omhandlar generalisering av funn frå undersøkinga (Jacobsen, 2010, s. 142). Altså i kva grad det er mogleg å generalisere resultatene i undersøkinga til eksempelvis sosiale effektar ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett, uavhengig av alderen på sakene. Denne undersøkinga sjåast på som lita i forhold til talet partar som har gått gjennom denne sakstypen. Undersøkinga er òg den einaste undersøkinga innanfor temaet *ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*. Ettersom oppgåva undersøker saker innanfor 5 ulike tidsintervall, sjåast resultatene å gjelde saker frå andre tidsperiodar, til tross for samfunnsutviklinga som fører til modernisering av jordskifte. Oppgåva sjåast difor å ha høg ekstern validitet.

2.8.3 Reliabilitet

Reliabilitet refererer til empirien sin pålitelegheit og truverd. Ei undersøking har høg reliabilitet dersom same datainnsamlingsmetode gir same resultat (Jacobsen, 2010, s. 21).

Intervjua var som sagt semistrukturerte. Semistrukturerte intervju har den ulempa i at dei ikkje har like høg reliabilitet som strukturerte intervju. Årsaka er at det ikkje er like lett å reprodusere eit semistrukturert intervju, slik som det er ved strukturerte intervju. Undervegs i eit semistrukturert intervju oppstår det ofte nye spørsmål.

I forhold til denne undersøkinga har eg tiltru til informantane og må stole på at utsegna deira er pålitelege. Eg håpar og trur at same svar ville komme ved ei lik undersøking. Når det gjelder kor vidt undersøkinga kan gjentakast og oppnå same resultat, krevjast det ei nøyaktig gjentaking av undersøkinga. Derunder same intervjuobjekt og nytting av spørsmål frå transkriberingane. Ved oppfylging av desse krava, vurderast ei gjentaking av undersøkinga både vere realistisk og mogleg. Oppgåva sjåast dermed å vere reliabel.

2.9 Ethiske prinsipp

Forskingsetikk omhandlar eit delområde av etikken, derunder planlegging, gjennomføring og rapportering av forskning. Ein skal taka omsyn til personvernet, samt sikre forskingsresultata si truverd (Dalland, 2012, s. 96). Denne undersøkinga inneberer å bryte seg inn i privatsfæren til informantane. Ein kan møte på etiske dilemma blant anna ved innsamling av data, då kan ein komme i skade for å krenke nokon.

I denne undersøkinga har forskningsetikk lagt føresegnene for avgjerdene. Vedlegg 4 viser til Ringdal (2009, s. 426) sine etiske punkt som undersøkinga har haldt seg til. Undersøkinga er som sagt meldt inn til NSD, jf. vedlegg 2. NSD sine retningslinjer for personvern, derunder oppbevaring og nytting av opplysningar, anonymitet, informantane sine rettar og avslutting av forskingsprosjektet. Informantane vart informert om informasjonsskrivet i vedlegg 1, derunder kva rettar dei har ved deltaking i undersøkinga.

Del III – Teoretisk referanseramme

Innleiing	s. 28
Jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b	s. 28
Jordskiftelova 2013 § 3-4	s. 29
Effekt av jordskifte	s. 30
Sosiale effektar	s. 30
Saksbehandlinga si påverknad på partane	s. 32
Jordskifte sine effektar	s. 33
Konflikt	s. 33
Jordskifteretten som konfliktløyser	s. 34
Konfliktnivå i jordskifteretten	s. 35
Kvinner i jordskifteretten	s. 35
Omgrepsavklaring	s. 36

3 Kapittel – Teori

3.1 Innleiing

Formålet med kapittelet er å danna ei teoretisk referanseramme til analysen og drøftinga, jf. kap. 5. Teorien skal bidra til å forankre undersøkinga i ei større heilskap.

Teorikapittelet har som føresetnad at lesar har kunnskap om kva jordskifteretten er, materielle vilkår og kva eit jordskifte inneberer. Difor går oppgåva ikkje djupt inn i det.

3.2 Jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b

Fleirtalet av sakene som vert undersøkt er gjennomført etter jskl. 1979, difor er det naudsynt med ei kort innføring i lova.

Jordskifteretten behandla etter 79-lova tre ulike typar saker, nemleg jordskifte, grensegang og rettsutgreiing og skjønn. Denne oppgåva fokuserer kun på jordskifte (omgrepet rettsendrande verksemd nyttast òg), jf. § 2 bokstav a til i. Dette går føre ved «å endre eksisterende eiendoms- eller bruksrettsforhold slik at utnyttelsen av eiendommen blir mer tjenlig» (Reiten, 2012, s. 228).

For å kunna fremja eit jordskifte, må tre hovudvilkår vere oppfylt:

1. Utenlegheitskriteriet: Eigedomane må vere vanskeleg å utnytte på tenleg måte etter tida og tilhøva, jf. jskl. (1979) § 1. Forholda må òg kunna betrast ved eit jordskifte.
2. Jskl. (1979) § 2 viser til kva eit jordskifte kan gå ut på. Paragrafen angir verkemiddel som kan nyttast for å oppnå tenlege forhold for eigedomane, jf. jskl. (1979) § 2 bokstav a-i.
3. Ikkje-tapsgarantien: Jskl. (1979) § 3 bokstav a fastslår at jordskifte ikkje kan fremjast «dersom kostnadane og ulempene blir større enn nytta for kvar einskild eigedom».

Jskl. (1979) § 2 består av ei uttømmmande liste over hovudverkemiddel som jordskifteretten kan nytte for å skape meir tenlege eigedomstilhøve. Kap. 6 om skifteplan supplerer reglane, samt gir bestemmingar for korleis verkemidla i § 2 skal nyttast. Det er mogleg å nytte ein eller fleire verkemiddel i § 2 i same sak.

I denne undersøkinga fokuserast det på saker etter jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b «formue ut eigedomar på nytt ved ombyting av grunn og rettar». Denne lovheimelen er «ei aktiv formulering av det som alltid har vore hovudinnhaldet i jordskiftearbeidet, ombyting av grunn for å få betre utforma

driftseinighar og eigedomar» (Austenå & Øvstedal, 2000, s. 33). Paragrafen viser til område med eigedomar som ligg i eineeige, der vanskane knyt seg til arrondering eller teigblanding. Regelen omfattar alle typar eigedom, alt frå industri til bustadar. Derimot omfattar ikkje regelen tidsavgrensa eller personlege bruksrettar (Austenå & Øvstedal, 2000, s. 33-34).

3.3 Jordskiftelova 2013 § 3-4

Nokre av sakene vart gjennomført etter jskl. 2013. Av den grunn er det relevant å ha grunnleggjande kunnskap om lova og paragrafen som vert undersøkt.

Dagens jordskiftelov skil mellom jordskifte, rettsfastsetting og skjønn. Denne undersøkinga avgrensar seg til jordskifte, jf. jskl. (2013) kap. 3. For at eit jordskifte skal kunna gjennomførast, må tre vilkår vere oppnådd:

1. Utenleg eigedomstilhøve: *«Jordskifteretten kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 dersom minst ein eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tida og tilhøva».* Eller dersom *«minst ein eigedom eller bruksrett vil bli vanskeleg å bruke på tenleg måte som følgje av eit offentleg eller privat tiltak»*, jf. jskl. (2013) § 3-2.
2. Meir tenlege eigedomstilhøve: *«Jordskifteretten kan berre halde jordskifte etter §§ 3-4 og 3-10 for å skape meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet»*, jf. jskl (2013) § 3-3.
3. Vern mot tap: *«Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadane og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett»*, jf. jskl. (2013) § 3-18.

Bakgrunnen for kap. 3 i jskl. (2013) er at eigedomen eller bruksretten er utenleg eller vil bli det som følgje av eit tiltak. Ved jordskifte, òg kalla rettsendring, nyttast verkemidla i kap. 3 §§ 3-4 til 3-10 for å skapa meir tenlege eigedoms- eller rettsforhold.

I denne undersøkinga fokuserast det på saker etter jskl. 2013 § 3-4 *Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*. Jordskifteretten kan ved byte av grunn og alltidvarande bruksrett, forme ut eigedom og alltidvarande bruksrett på nytt (Landbruks- og matdepartementet, 2012, s. 424). Med omgrepa «eigedom og alltidvarande bruksrett» meinast alle typar fast eigedom og alltidvarande bruksrettar som ligg til fast eigedom. «Ligg til» viser til bruksrettar som følgjer eigedomen, ikkje eigaren. «Alltidvarande bruksrett» viser til ei bestemt for bruk, til dømes beiterett, båtfeste og

ferdselsrett. Omgrepet avgrensar seg i viss grad mot tidsavgrensa bruksrettar (Bjerva, et al., 2016, s. 64).

Arealbyte går fram ved at eigedom og alltidvarande bruksrett formast ut på nytt. Ombytinga gjennomførast for å betra utforminga på eigedomane. Omgrepet «betre arrondering» nyttast òg om dette. Gjennomføringa av arealbyte kan gå føre ved at eigedomar som består av fleire delar endrast, slik at talet teigar blir redusert. Teigar med uheldige former kan òg endrast, rettar kan flyttast og avstandar reduserast (Bjerva et al., 2016, s. 64).

3.4 Effekt av jordskifte

Undersøkinga undersøker sosiale effektar av jordskifte, men kva er eigentleg ein effekt av jordskifte? Omgrepet er gjerne ikkje så lett å konkretisere, og dermed krevjast det å drøfte omgrepet effekt i kontekst av problemstillingar og metode.

Engjoberg (1986, s. 2) seier at omgrepet effekt tyder at ein bør prøve å forstå jordskifte sine verknadar på brukseiningane, partane sjølve, skiftefeltet, bygda og storsamfunnet. Ved eit jordskifte skal ein alltid søkje å oppnå størst mogleg nytte for kvar einskilt part og jordskiftefeltet. Likevel oppstår det både positive og negative effektar av jordskifte. Positive effektar omhandlar blant anna omgrepa: gevinst, nytte og gagn. Medan negative effektar omhandlar blant anna omgrepa: ulemper og skadar (Engjoberg, 1986, s. 4).

I vurderinga av effekt, er det eit vesentleg element «*om partane handlar annleis etter jordskiftet enn dei gjorde før med omsyn til utnyttinga av ressursane i skiftefeltet*» (Engjoberg, 1986, s. 3). Det å samanlikna forholda før og etter jordskiftet kan svara på dette. Partane si utfordring kan vere å skilje mellom det som er fylgjer direkte av jordskiftet og det som er fylgjer av andre tiltak eller verkemiddel (Engjoberg, 1986, s. 3).

3.5 Sosiale effektar

Hovudtemaet i denne oppgåva er sosiale effektar av jordskifte – ved ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett. På bakgrunn av dette, synst eg det er naudsynt å gjere greie for menneskelege relasjonar og eigedom. Det er i utgangspunktet det som er hovudårsaka bak ei jordskiftesak.

Sosiale effektar av jordskifte vert uttrykt som «*hvordan jordskifte påvirker enkeltmennesket og relasjonen mellom mennesker*» (Sky, 2009, s. 383). Negative sosiale effektar av eit jordskifte er eksempelvis når konsekvensen av saken er ei forverring av partane sin relasjon. Positive sosiale effektar er når konsekvensen av saken slår motsett ut.

Jordskifteretten behandlar over tusen eigedomstvistar kvart år, uavhengig av sakstype (Landbruks- og matdepartementet, 2018). Kvar enkelt grunneigar kan ha eit spesielt forhold til arealet. Det kan vere opparbeid av eigaren sjølv, og det har gjerne blitt lagt mykje tid, pengar og arbeid på arealet. Plasseringa av arealet kan og spele inn, til dømes eit tunareal. For grunneigaren si personlege verdsetting kan det å forstå eller akseptere forandringar i arealutforminga vere utfordrande. Jordskifteretten si vurdering av nytte skal knyte seg til eigedomen, og ikkje personar, jf. jskl. (1979) § 3 bokstav a. Likevel vert det kommentert at nytta av eit jordskifte blant anna kan vere av sosial karakter (Austenå & Øvstedal, 2000, s. 45-46). Roalkvam (2003, s. 79) meiner at ein dermed òg bør vurdere jordskiftesaka sine langsiktige negative verknadar på naboforhold og lokalmiljø.

Ei jordskiftesak kan påføre partane store omveltingar i eigedomstilhøva og i naboskapet. Dette er noko partane reagerer ulikt på. Nokre har eit positivt og framtidsretta perspektiv på inngrep i eigedomsforholda. Andre er meir tradisjonsbundne og opplev endringar som negativt (Engjoberg, 1986, s. 3). Grunneigaren eller rettshavaren er fyrst og fremst oppteken av sin eigen situasjon før og etter jordskifte. Dei samfunnsøkonomiske gevinstane er ikkje deira fokus (Sky, 2009, s. 370).

Roalkvam (2003, s. 79) si undersøking tok blant anna opp temaet sosiale effektar. Av oppgåva går det fram at mange set det å bevare eit godt naboskap, svært høgt. På den eine sida ønskjer partane å ivareta sine interesser, medan på den andre sida kan det gå utover naboskapet. Jordskifte balanserer dermed mellom å oppnå gode løysingar, samt oppretthalde det gode naboforholdet. Ein kan likevel forvente å finne like mange negative sosiale effektar som positive (Engjoberg, 1986, s. 3).

Partane sine kjensler kan vere sterke undervegs og i tida etter eit jordskifte. Kanskje litt sterkare hjå eldre partar. Men etterkvart som tida og åra går, tenkjast det at negativiteten reduserast eller forsvinn (Roalkvam, 2003, s. 79). Det går fram av rapporten *Gevinstbetraktningar ved jordskifte at «selv om jordskiftesaker kan virke opprivende mens de pågår, vil de langt fleste på sikt bidra til å redusere konflikter og etablere bedre betingelser for godt naboskap i lokalsamfunn»* (Øygard et al., 2009, s. 11).

Uavhengig av land og kultur, finn ein att grunneigarar sine sterke band og sosiale relasjonar til teigane (Sky, 2009, s. 384). Blant anna viser Behar (1986, s. 286) til effektar av jordskifte i Leon i Spania, der ho mellom anna såg på kvar enkelt eigar sin relasjon til eigedomen. Ingeniørane fokuserte på det tekniske, derunder nye vegsystem. Derimot fokuserte partane eller bøndene på det

sosiale. Ved opparbeiding og hardt arbeid på teigane, knyta bøndene sterke band til dei enkelte teigane. Slike tilfelle er vanskeleg å handtere. Dei involverte bør difor gis tid til å venne seg til tanken på byting av areal og rettar.

3.6 Saksbehandlinga si påverknad på partane

Det kan opplevast utfordrande å vere part i ei jordskiftesak. For eigarane som blir dregen inn i eit jordskifte, kan det oppfattast som eit alvorleg eller brutalt eigedomsinngrep (Austenå, 1997, s. 224). Jordskifteprosessen kan ha innverknad på relasjonane mellom partane, ettersom fleire avgjersler skal takast og fleire reglar skal ein halde seg til. Motsetnadsvis frå tingretten, løyser jordskifteretten heile sakskomplekset og ikkje kun enkelte tvistepunkt. Til fordel for grunneigarane, samlar jordskifteretten trådane og ser heilskapen av saken. Uavhengig om problematikken er direkte omtvista eller litt uklar, løyser jordskifteretten all relevant problematikk (Øygaard et al., 2009, s. 11). I tillegg til å avgjere dei juridiske sakene, utfører jordskifteretten merking, måling, kartfesting, rapportering og tinglysing til offentlege register.

Myrvold (2012, s. 52) antok at saksbehandlinga er i årsakssamanheng med dei sosiale effektane, ettersom dei sosiale effektane ofte kan vere eit resultat økonomiske-, arronderingsmessige-, juridiske- og miljømessige effektar. Effektar som påverkar eigedomen direkte, er utslagsgivande på dei sosiale effektane. Prosessen si påverknad på partane, kan føre til asymmetri i styrkeforholdet. Slike skeivheitlar kan verte skapt dersom ein av partane har prosessfullmektig eller at ein part er meir talefør enn den andre. Moglege konsekvensar for den svake parten er at han ikkje får fremja sine meiningar eller belyst saken god nok frå si side. Asymmetri i styrkeforholdet kan dermed påverke relasjonen mellom partane.

Jordskiftelova (2013) si formålsparagraf krev *«rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av sakene»*, jf. jskl (2013) § 1-1. Likevel går det fram av årsmeldinga til Sunnmøre jordskifterett, at handsamingstida er inntil tre år (Engås, 2019). I tillegg påpeika nokre informantar den lange ventetida. Langbach (2009, s. 47) fortel at det er viktig at ei avgjersle treffast innan rimeleg tid, både av omsynet til partane og renomméet til rettsvesenet. Vidare går det fram at det neppe er *«tvil om at jordskiftedomstolene har et potensial med hensyn på større effektivitet, selv om det naturligvis må tas høyde for at fremdriften i en jordskiftesak kan være avhengig av forhold retten ikke kan styre, for eksempel forvaltningsvedtak»* (Langbach, 2009, s. 47).

3.7 Jordskifte sine effektar

Ei sak for jordskifteretten gir både gevinstar og effektar (Øygard et al., 2009, s. 7). Privatnytta er grunneigarane si oppleving av den konkrete nytta dei sjølv får i den enkelte saken, noko som rettar seg mot underproblemstillinga «*Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*».

På bakgrunn av vilkåra for jordskifte, har jordskifterettane fokusert på dei økonomiske-, juridiske- og arronderingsmessige effektane ved eit jordskifte. Utviklinga viser at andre effektar som sosiale og miljømessige effektar vert tatt inn i vurderinga om eit jordskifte skal fremjast eller avvisast (Sky, 2009, s. 369). Likevel er det ikkje slik at sosiale effektar må prøvast ved fremjing av kvar enkelt sak.

Når ein ser på gevinstvurderingar i kontekst av sosial nytte, skal jordskiftet «*på sikt bidra til å redusere konflikter og å etablere bedre betingelser for godt naboskap i lokalsamfunn*» (Øygard et al., 2009, s. 11). I kapittel 5 kjem ein tilbake til om jordskifte faktisk reduserer konfliktar i denne undersøkinga, og om saka legg grunnlaget for eit godt naboskap.

3.8 Konflikt

«*Der mennesker lever sammen, blir det konflikt*» (Blandhol, 2014, s. 16). Konflikt betyr å støyte saman (Blandhol, 2014, s. 29). Konflikta har to sider, ei positiv og ei destruktiv. Det positive ved konflikta er at dei «*ofte bygger på viktige behov og derfor gir informasjon om hva som betyr noe for deg selv og andre. Det gir mulighet til selverkjennelse og personlig vekst, til å bli bedre kjent med andre og til å finne løsninger*» (Blandhol, 2014, s. 15). Nokre gongar kan konflikta vere naudsynte for å nå mål, og bringe med noko godt. Andre gongar medfører konflikta tap, smerte og fleire andre negative konsekvensar. Både mykje tid og psykisk energi kan gå tapt i ein konflikt (Blandhol, 2014, s. 15-16). I kap. 5 viser undersøkinga både til saker der resultatet av konflikten medfører ei gode for partane, og eit tap for partane.

Eit naboskap består av avhengigheit til kvarandre, samtidig kan personane ha ulike tankesett og prioriteringar. Handlingar kan difor lett få konsekvensar for naboen. Avhengigheit er tross alt eit av kjenneteikna ved konflikta. Fleirtalet ønskje å ha eit godt forhold til naboeane, samt det eit godt naboskap inneberer av å gi kvarandre hjelp, inspirasjon, trivsel og gir sosial stimuli. Eit ugildt naboforhold gir motsett, nemleg usikkerheit, dårleg trivsel og kringling. Usemje kan føre til krangel, ettersom personane er avhengig av kvarandre gjennom naboskapet (Myrvold, 2012, s. 45).

I denne undersøkinga er nokre partar avhengig av kvarandre på førehand av jordskiftesaka på grunn av eigedomstilhøva. Til dømes kan dette innebere at partar må over naboen sine teigar med dyr og maskinar, for å komme til sin eigen teig.

Ofte spring dermed jordskifte ut av avhengigheita mellom eigedom og aktør. Lund forklarar det slik: «Det er denne avhengigheten som rimeligvis er med på å gjøre tvangen akseptabel: Det er ikke rettfærdig at noen (A) skal hindre noen (B) i å bruke sin eiendom på en fornuftig måte dersom forholdet kan forbedres for B uten å skade for A» (Lund, 2013, s. 49). Resultatet av eit jordskifte vil ofte vere omtalt som ein vinn-vinn situasjon, då avhengigheita bryt opp.

3.9 Jordskifteretten som konfliktløyser

Det er ikkje eit krav om konflikt eller anna form for ueinigheit mellom partane for å få behandla eit jordskifte (Reiten, 2012, s. 229). Derimot er det eit krav om utenleg eigedomstilhøve, jf. jskl. (2013) § 3-2. I denne undersøkinga vert rettsendrande saker undersøkt. Ved slike saker ønskjer ofte partane jordskifteretten, som ein nøytral instans, til å gjennomføre tenester. Partane er ofte einige i transaksjonane jordskifteretten skal utføre, men er verken i stand til eller har kompetanse til å gjennomføre det sjølv. Ved å nytta seg av bistand frå jordskifteretten, er det nok ein del saker som unngår opprivande konflikter eller at konflikter løysast (Øygard et al., 2009, s. 6). Til tross for dette, omhandlar sakene i jordskifteretten i stor grad konflikthandtering.

Konfliktløysing ved konflikter rundt fast eigedom legg grunnlaget for framtidig naboskap. Utfordringa ved konflikter som gjeld fast eigedom, er at partane ofte er naboar eller har tilhøyrelegheit til same område. Anna løysing enn å bryte opp og flytte bør vurderast, ettersom det kan opplevast som drastisk. Som særdomstol har jordskifteretten moglegheit til å treffe avgjerder i konfliktane uavhengigheit av einigheit mellom partane. Likevel strekk jordskifterettane seg langt i å treffe avgjersle som partane er einige i.

Ved tvist kan jordskifteretten løyse konflikten ved dom. Relasjonen mellom partane består gjerne av ei ueinigheit eller konflikt ved tvist. Mekling vert i stor grad brukt av jordskifterettane, men kun ein part påpeika opplevd mekling under intervju. Til tross for eit meir effektivt og korrekt resultat ved å avsei dom, vert arbeid med å mekla fram minnelege løysingar sterkt vektlagt. Ved inngåing av forlik oppnår parten kjensla av kontroll over resultatet, noko som kan spele inn på effektane av saka (Reiten, 2012, s. 229).

Arbeidarar ved jordskifteretten handterer konflikhtar ved å kombinere fagleg kompetanse og kreativitet, samt «å møte partene på en god og respektfull måte, forstå deres interesser og ikke minst de underliggende forhold som alltid ligger bak konflikten» (Reiten, 2012, s. 229).

3.10 Konfliktnivå i jordskifteretten

Konfliktnivået i jordskifteretten er nokså uavhengig av sakstype. Sakene er knytt til fast eigedom, noko dei fleste partane har eit sterkt forhold til. Særleg dersom areala er sjølvdyrka eller dyrka av farfedrane. Konfliktfylte saker opplevast som ein tung prosess for partane. Det å ikkje få medhald i påstandar eller det å avstå areal i eit makebytte kan opplevast som problematisk. Avleiing av konflikhtar kan gå føre ved samarbeid mellom partane og partane sine val av handlingar (Øygard et al., 2009, s. 6).

Basert på erfaringar frå jordskiftesaker, er ikkje konfliktnivået nødvendigvis avgjort av tvisteområdet si storleik eller verdi. Høgt konfliktnivå kan like gjerne gjelde små areal som store, og i spreidd bygde strøk som i tettbygde strøk (Øygard et al., 2009, s. 6).

Rognes og Sky (1998, s. 9) har undersøkt konfliktnivået i ulike sakstypar. Når det gjelder jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b, vart 76 saker undersøkt. På ein skala frå 1-5, vart sakstypen plassert på 2,12. Derav var 5 veldig stor konflikt. § 2 fyrste ledd bokstav b er sakstypen med det tredje lågaste konfliktnivået.

3.11 Kvinner i jordskifteretten

Grunna lågt tal av kvinnelege partar, samt ein kvinneleg part si oppleving av kvinnediskriminering under ei jordskiftesak, er det relevant med informasjon om kvinner i jordskifteretten.

Innstillingsrådet for dommarar si årsmelding frå 2017, viser til at kun 14% av dommarane ved dei norske jordskiftedomstolane er kvinner (Innstillingsrådet for dommere, 2017, s. 5). Vidare går det fram at det er større kjønnsmessig ubalanse i jordskifterettane enn i alminnelege domstolar (Innstillingsrådet for dommere, u.å.). I 2018 var det kun fire kvinnelege leiarar av jordskifterettane. «Dette må også ses på bakgrunn av at den første kvinnelige jordskifte kandidat ble uteksaminert så sent som i 1973, og at det de første 10-15 årene etterpå var svært få uteksaminerte kvinnelige kandidater» (Innstillingsrådet for dommere, 2018, s. 31).

3.12 Omgrepsavklaring

Rettsmøte

Ordinært rettsmøte med innkalla partar, jf. jskl. (2013) kapittel 6 del tre.

Rettsmøte utan innkalla partar

Oppgåva nyttar omgrepet *Rettsmøte utan innkalla partar*. Med dette meinast det rettsmøte på jordskiftedommaren sitt kontor, derav utan innkalla partar til møtet.

Jordskiftedommaren utfører dermed arbeidet med saka skriftleg, jf. jskl. (2013) § 6-21, fjerde ledd, andre punktum.

Saka sine resterande partar

Omgrepet vert nytta om partar som ikkje rekvirerte saka.

Del IV – Presentasjon av empiri

Innleiing	s. 38
Relasjonen mellom partane	s. 39
Intervjuobjekta og deira kjensler	s. 41
Saka og intervjuobjektet si oppleving av saksbehandlinga	s. 44
Konfliktnivå	s. 47
Andre funn	s. 48
Kryssreferanse	s. 51

4 Kapittel – Presentasjon av empiri

4.1 Innleiing

I dette kapitlet blir det gitt ein presentasjon av den innsamla empirien frå intervjua. Kapitlet består av fem delkapittel; om saka, om partane, om relasjonen mellom partane, om konfliktnivå og andre funn.


Den innsamla empirien frå intervjua er systematisert og kategorisert, og vert i stor grad framstilt ved aggregerte data i diagram og tabellar. Tabellane er danna på bakgrunn av informantane sine svar på spørsmål med konkrete svaralternativ. Klassifiseringa i tabellane er danna på bakgrunn av svaralternativa til spørsmåla. Resultatet av tabellane vert kommentert. Det vert òg gitt døme på informantane sine eksplisitte utsegner frå djupneintervjua.

Det vart intervjua 25 partar, derav fem partar innanfor kvart tidsintervall. Sakene innanfor tidsintervallet *0-2 år gamle saker* vart gjennomført etter jskl. (2013) sine reglar. Resterande saker vart ført etter jskl. (1979). Av 25 partar var det kun tre kvinner.

Talet på parten og saka svarar til talet på transkribering. Med andre ord er part 23, parten frå transkribering 23.

Eit av dei mest interessante funna er endringa i forholdet mellom partane og samarbeid som følgje av jordskiftesaka, jf. figur 3, delkapittel 4.2. Dette funnet heng tett saman med konflikt (delkapittel 4.5 *Konfliktnivå*). Dei aller fleste forholda beskrivast som uforandra som følgje av jordskiftesaka. Deretter vart mange forhold beskriven som verre som følgje av saka. Færrast saker vart beskriven som *betre som følgje av jordskiftet*. Dette kjem me tilbake til vidare i teksten.

4.2 Delkapittelet omhandlar relasjonen mellom partane.



Figur 3: Korleis jordskifte endra forholdet til den andre part.

Forholdet mellom partane vart i hovudsak lite påverka av jordskiftesaka. Likevel vart nokre forhold verre som følgje av saka, medan andre vart betre som følgje av saka.

Flest partar definerte forholdet som uforandra som følgje av saka. Åtte av desse forholda vart beskrivne som gode eller bra. Tre forhold vart beskrivne som dårlege eller konfliktfylte. Og to forhold vart beskriven som både og. Døme på eit uforandra forhold er sak 9. Parten fortalte at til tross for at partane vart kvitt eit konfliktområde,

forblei forholdet sameleis.

Det at forholdet vart betre betyr ikkje i alle tilfelle at forholdet vart perfekt. Sak 16 er eit døme på det. Forholdet mellom partane vart betre, men kun til det forretningsmessige. Før saka, innebar forholdet deira kun kjefting og smelling. Etter saka kunne partane snakke saman.

Døme på forhold som vart verre som følgje av saka er:

Part 12 fortalte at fleire relasjonar gjekk «*frå å vere omgangsvenner til å ikkje ha omgang i det heile tatt*» på grunn av saka.

I sak 17 vart resterande part i saka svært sjalu på eigedommen og prosjekta intervjuobjektet hadde på den ombyta parsellen. Forholdet vart verre, og den resterande parten i saka prøvde alle triks for at intervjuobjektet skulle bli lei av han og selja garden, samt flytta der frå. *Ver obs på at me kun høyre ei side av saka i dette tilfellet.*

Part 19 fortalte at forholdet mellom partane var verre dei fyrste 5 åra etter saka. Problemet var dei eldre partane som var ganske «*betutta ei stund*», ettersom dei kun såg at dei mista ein del av jorda si.

I sak 23 fortalte parten at forholdet vart «*ganske avmålt*». Partane verken snakka eller helste på kvarandre.

Part 24 fortalte at forholdet vart meir negativt, ettersom saken sin resterande part ikkje haldt sin del av avtalen.

Relasjon til «resterande partar i saka»

«Resterande partar i saka», altså dei som ikkje vart intervjuja, var i 23 av 25 saker, nabo til intervjuobjektet. I dei to siste sakene var «resterande partar i saka» ei blanding av naboar, familie og venner.

I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene til parten i saka?


Heile 24 av 25 partar hadde ikkje bekymringar om å få eit dårleg naboforhold, og det prega difor ikkje avgjerdene til partane. Tre av desse partane hadde allereie eit nokså ugildt forhold til resterande partar i saka. Part 6 fortalte at naboforholdet var øydelagt på førehand av saka, og difor tok han ikkje omsyn til naboforholdet under avgjerdene sine. Det viktigaste for parten var å få orden.

Part 9 fortalte at på grunn av det dårlege naboforholdet partane hadde frå før, påverka ikkje bekymringar om å få eit dårleg naboforhold avgjerdene hennar.

Part 15 fortalte at han følte det var ein kamp han måtte ta, og fokuserte heller på det.

Kun part 19 hadde bekymringar om at avgjerdene hans skulle påverke jordleiga han hadde hjå ein annan grunneigar. Dermed gjekk han «*stille i dørene*» undervegs i saka, når det gjaldt den grunneigaren sine jordstykke.


Samarbeid



Figur 4: Tallet saker med samarbeid mellom partane før og etter jordskiftesaka.

Figur 4 syner til at samarbeid mellom partane, før og etter saka, er varierende. Nokre har fått eit betre samarbeid til dei resterande partane i saka, ettersom det følast ut som ein «barriere» mellom partane er broten. Det er dermed enklare å spørja om å kunna samarbeida. Nokre samarbeid vart avslutta som følgje av saker full av kranglar. Andre samarbeid har fortsett som før, til dømes i sak 19 (førre avsnitt) fekk parten lov å fortsetje å leige jord hos resterande partar i saka. Samarbeid mellom partane avhenger av endringa i relasjonen mellom partane, eigeomsforholda og om det føreligg gjensidig avhengigheit mellom partane.

4.3 Delkapittelet omhandlar intervjuobjekta og deira kjensler.



Figur 5: Parten si rolle i jordskifte.

Informantane hadde ulike roller i jordskiftet. Størsteparten av intervjuobjekta rekvirerte jordskifte saman med resterande partar i saka. Andre intervjuobjekt rekvirerte jordskifte åleine. Nokre intervjuobjekt rekvirerte ikkje jordskifte, og var dermed ein av saka sine resterande partar. I den siste saka var jordskifte kravd av tidlegare eigar av eigedommen. På

bakgrunn av dette var parten tvungen til å gjennomføre jordskiftet.

Part 10 er «saken sin resterande part». Han fortalte at han ikkje visste at det skulle gjennomførast jordskifte før han fekk brev frå jordskifteretten. Naboen fortalte ikkje at han hadde rekvirert jordskifte. Det sama gjaldt part 4. Han fortalte at jordskifte «*kom litt uventa og brått på*».

Fire partar opplevde jordskifte som tvungen eller pressa på dei. På bakgrunn av ei kraftverktbygging, opplevde part 12 å bli påverka i stor grad til å bli ein del av jordskiftesaka som ho ikkje ønska. Fleirtalet bestemte, og difor vart ho dratt med som rekvirent. Part 18 opplevde at blant anna fylket pressa parten til å gjennomføre eit jordskifte. Det var eit krav ved kjøpet av ein gard, og parten påpeikar at det ikkje var ønska. Hadde det ikkje vore tvang om å gjennomføre det, «*så hadde det aldri blitt gjort*» fortalte parten. I sak 23 skulle staten dele ut landbruksareal til bøndene i bygda,


og på bakgrunn av det vart det kravd uønskt makebyte. Sak 15 kravde styresmaktene makebyte for at parten skulle få kjøpe areal frå ein gard som var til sals.

Var parten aktiv eller deltakande i saka?

Heile 23 av 25 partar beskriv seg sjølv som aktiv eller deltakande i saka.

På bakgrunn av førehandsbestemt krav om jordskifte ved kjøp av ein gard, valde ein part å vere inaktiv i saka. Det innebar at parten møtte opp på det han måtte møte opp på. Han fortalte vidare at ettersom saka allereie var bestemt, engasjerte han seg ikkje i saka.

Partane si bevisstheit på saka




Figur 6: Partane si bevisstgjerjing på saka i dag.

Kun 5 av 25 partar tenkjer over eller er bevisst på jordskiftesaka i dag. Det er ikkje berre høgt konfliktnivå som førte til at partane framleis er bevisst på saka, eller sit att med ei dårleg oppleving. Mellom annan ting som ventetid spelar. Ein part beskriv ventetida i forbinding med jordskifte som «heilt ekstrem». Medan ein annan part får stadige påminningar og kjeft frå den andre parten, noko som framleis er svært krevjande å forholde seg til.

Alle partane som framleis er bevisst på saka opplevde endring i relasjon til resterande partar i saka. 4 av 5 forhold vart forverra som følgje av jordskiftesaka, medan eit forhold vart betre som følgje av saka. I tillegg opplevde 4 av 5 partar at eigedomane kom betre ut av saka. Ein part opplevde at saka kom uforandra ut av saka.

Inngrep i eigedomsretten eller ikkje?



Figur 7: Om parten opplevde jordskifte som eit inngrep i eigedomsretten.

Kun 5 av 24 partar opplevde jordskiftesaka som eit inngrep i eigedomsretten sin.


Blant anna fortalte part 16 at han følte saka var eit inngrep i eigedomsretten sin, og at det på førehand av saka var vanskeleg. Opphavet til jordskiftesaka var at naboen hevda at han eigde inni naustet til informanten. Arealbyte var naudsynt, og informanten mista mellomanna båttopplaget. Saka påverka hans psykologiske velvære i stor grad. På ein skala frå 1-10, estimerte han saka til ein 8-9-ar i negativ retning. Part 19 fortalte òg at saka vart opplevd som eit inngrep i eigedomsretten, men til fordel. Det var sjølv sagt

for parten å måtte gi areal for å få areal.

Var parten bekymra over kva delar av eigedomen sin som kom til å bli den andre parten sin?

Kun 3 av 25 partar hadde bekymringar om kva del av deira eigedom som kom til å bli bytta med naboen. Felles for desse partane var at forholda til resterande partar i saka vart verre som følgje av saka.

Endring i eigedomane som følgje av saka




Figur 8: Korleis partane opplevde at eigedomane kom ut av saka.

Dei fleste partane fortalte at eigedomen deira kom betre ut av saka enn kva den var på førehand.

Unntaksvis var det fire eigedomar som kom ut av saka uforandra, og ein eigedom som vart verre.

Part 10 meinte at eigedomen vart verre. Han fortalte at «*alt var betre før jordskiftet*». Hadde ikkje ein annan aktør «*starta å sprenga og holda eit helvete med å laga ein kjempe veg*», meinte parten at parsellen hans var bra så lenge ingenting vart gjort.

4.4 Delkapittelet omhandlar saka og intervjuobjekta si oppleving av saksbehandlinga



Figur 9: Partane si oppleving av saksbehandlinga.

Saksbehandlinga gav dei fleste intervjuobjekta tryggleik. Nokre opplevde både tryggleik og usikkerheit, medan få partar opplevde usikkerheit rundt saksbehandlinga av saka deira.

Part 23 fortalte at saksbehandlinga gav ho «*både usikkerheit, sinne og irritasjon*». Det var ein energitjuv som førte til at ho låg på sofaen resten av kvelden, etter kvart møte.


Motsetnadsvis opplevde part 6 og dei fleste andre, saksbehandlinga som trygg, god, ryddig og gjennomført av solide folk. Korleis dette spelar inn

på parten sjølv og relasjonen til den andre parten, kjem me tilbake til i kapittel 5.

I omgrepet *tryggleik* legg partane mellom anna om det vert gitt tydelege signal frå jordskifteretten, alle får moglegheit til å framstilla si side av saka, ryddig prosess, forståingsfull dommar og opplevast som ein tillitssakapande prosess.

Omgrepet *usikkerheit* viser til at parten opplevde å ikkje få nok rettleiing til å ivareta sine interesser, manglande forståing frå dommaren og ein forvirrande prosess.

Rettleiing frå retten



Figur 10: Partane si oppleving av retten si rettleiing.

Retten si rettleiing var varierende. Nokre partar opplevde å få tilstrekkeleg med rettleiing til å ivareta sine interesser, andre ikkje.


Ettersom part 23 ikkje opplevde tilstrekkeleg med rettleiing frå retten, tileigna ho seg kunnskap frå utanforståande personar. Mellom anna diskuterte ho med andre faglærde, personale rundt jordskiftefaget og kontakta universitetet på Ås for å høyra kva rettar ho kunne forvente seg.

Nokre partar opplevde å ikkje trengje rettleiing.

Årsaka var at dei følte at dei var såpass kjent med jordskiftesystemet eller at dei hadde ein advokat å konferera med.

Ei oppleving av manglande rettleiing bidrog til høgare stressnivå og uro for partane som aldri hadde vore i ei jordskiftesak tidlegare. Om det påverka relasjonen mellom partane, kjem me tilbake til i kapittel 5.

Dommaren



Figur 11: Partane si oppleving av forståing frå dommaren.


Intervjuobjekta følte seg i hovudsak forstått av dommaren, med unntak av fire partar som følte seg delvis forstått og ein part som ikkje følte seg forstått av dommaren.

Som fleire andre opplevde til dømes part 6 dommaren som «*meget dyktig*». Parten følte seg godt forstått av dommaren, ettersom dommaren lèt alle «*komma med synspunkta, og det vart grundig diskutert*». Opplevinga partane set att med, kan ha betydning for verknadane av jordskiftesaka.

Kun 1 av 25 partar følte seg ikkje forstått av dommaren. I saka blanda kommunen, som utanforståande tredjepart, seg inn i jordskiftesaka (sjå delkapittel 4.6 *Andre funn, Tredjepart i konflikten*), og det oppstod store konflikhtar i saka. Part 23 dreiv i utgangspunktet økologisk jordbruk, medan i saka vart det nytta argument som «*at me ikkje trengte meir jord, for me kunne berre kjøpa meir kunstgjødse og få opp avlinga på den måten*» mot parten. Ho opplevde at dommaren hang seg på desse argumenta, og dermed vart økologisk «*eit tema i kranglinga på om det var rett å få jord eller ikkje*» i jordskiftet. Og det synst parten var «*veldig dårleg gjort*». Undervegs i saka opplevde ho kvinnediskriminering i saka, og fortalte «*at det å vere kvinne var ingen fordel*». 20-22 år etter er ho framleis «*litt sint på han jordskiftedommaren som lèt det vere slik*». På den eine synfaringa var mannen med som støtte, og då roa dei andre partane seg ned. Ho fortalte at det var «*irriterande å sjå på*».

Part 4 følte seg forstått av dommaren. Han fortalte at dommaren opptredde som ein meklar i saka. Ved å ta ei meklarrolle i saka, vart partane kvitt det konfliktfylte. I tillegg vart relasjonen mellom partane vennskapleg.

Ordinært rettsmøte vs. rettsmøte utan innkalla partar



Figur 12: Talet saker som vart gjennomført med og utan innkalla partar til rettsmøte.

Omlag 1/3 av sakene, altså sju saker vart gjennomført ved rettsmøte utan innkalla partar. Av desse sju sakene, vart fire saker gjennomført med saksførebuaende møte. Dei sju partane fortalte at det verken var konflikt før eller etter sakene. Heile 5 av 7 saker var utan synfaring. Rettsmøte utan innkalla partar består kun av saker som er kravd ved felles rekvirering, samt einigheit om byting.

Om gjennomføring av jordskifte ved bruk av rettsmøte utan innkalla partar er årsaka til positive eller negative sosiale effektar, kjem me tilbake til i neste kapittel.

4.5 Konfliktnivå



Figur 13: Konfliktnivå før saka.



Figur 14: Konfliktnivå etter saka.

Figur 13 og 14 viser i hovudsak verken konflikt før eller etter sakene har vore i jordskifteretten.


Før saka er det likevel nokre saker med konflikt, nokre saker har svingande konfliktnivå og andre har «meget høgt konfliktnivå».

Sak 16 går under kategorien *meget høgt konfliktnivå* før jordskiftesaka. Parten fortalte at saka var «ytterst vanskeleg». På ein skala frå 1-10, estimerte parten saka til å vere ein 10-ar i negativ grad, når det gjaldt saka si påverknad på hans psykologiske velvære. Det verste var kjeftinga og smellinga, samt alltid bli skyldt for noko han eller familien hans hadde gjort. I periodar var situasjonen ulevelleg. Sjølv om forholdet ikkje vart fantastisk etter saka, vart forholdet levelleg og betydeleg betre. Partane kan snakke saman, sjølv om det innimellom er kjefting.

Etter saka vart nokre konfliktnivå betra, ei sak opplevde auka konfliktnivå og nokre har framleis ei konflikt med dei resterande partane.

I sak 19 auka konfliktnivået etter saka. Parten fortalte at det var ein del «sure miner og kritikk mot at me gjekk til jordskifte og at det blei forandringar på jorda».

Part 6 og 9 fortalte at det ikkje er eit konfliktnivå eller konflikt etter saka. Bakgrunnen er avstand og ingen omgang eller forhold til dei resterande partane i sakene. Part 6 fortalte at han heller ikkje gjer noko for å betre forholdet. Likevel poengterer han at framtida ligg godt til rette for begge partar.



Figur 15: Konfliktnivå undervegs i saka.

Undervegs i behandlinga av sakene var det hovudsakleg ingen endring i konfliktnivået. Det handlar i stor grad om korleis jordskifteretten behandlar sakene.

Likevel opplevde fire partar at konfliktnivået auka, tre partar at det minska og to partar at det svinga.

Døme på saker der konfliktnivået auka er sakene 12 og 20. Part 12 fortalte at konfliktnivået auka hjå enkelte. Ho fortalte vidare at ikkje alle er like gode venner under ein slik prosess, og for enkelte var resultatet tungt å svelgja. I sak 20 opplevde

parten at det vart litt temperatur undervegs i saka. Han beskriv det som «*heilt normalt*» i ein slik situasjon, og at det gjekk over etter kvart.

Døme på saker med minkande konfliktnivå er sak 7. Parten opplevde eit minkande konfliktnivå på bakgrunn av flinke folk i jordskifteretten og oppretting av gamle synder. Han poengterer at årsaka til at han tok saka til jordskifteretten var ønsket om å dempe konfliktnivået. Alle dei tre sakene med minkande konfliktnivå undervegs i saka, var konfliktfrie etter jordskiftesaka.

4.6 Andre funn

Delkapittelet *andre funn* er funn som kun finst i enkelte saker.

Jordskifte > Melding (bokmål: anmeldelse)

Part 6 søkte på bakgrunn av frykt og uro for den andre parten, hjelp hjå lensmannen. Lensmannen tipsa om jordskifteretten, ettersom det på den måten vart endring i marka der problemet var. Forholdet mellom partane før saka var spesielt. Parten hadde oppfostra den andre parten som det var hans eigen unge. Ein dag skjedde det noko uforklarleg, og parten vart sett på som ein idiot og alt var gale. Forholdet vart endra til å verte konfliktfylt og ugildt. Saka påverka parten si psykologiske velvære i stor grad. På ein skala frå 1-10, estimerte parten saka til å vere ein 8-ar i negativ grad. I dag held partane avstand og ingenting vert prøvd for å betre forholdet. Framfor melding hjå politiet, vart dermed løysinga å rekvirere jordskifte. Jordskifteavgjerda løyste konfliktområdet i marka. Som sagt

under delkapittel 4.5 *Konflikt*, fortalte parten at det ikkje er eit konfliktnivå ettersom partane held avstand og det gjerast ingenting for å betre forholdet.

Jordskiftet er aldri eit tema under samtalar mellom partane

I sak 10 vart aldri jordskiftet nemnt i ettertid av den årsaka at parten trur ei ny konflikt vil oppstå ved ein samtale om saka. Parten fortalte at resterande part har slått og beita på hans ombyta areal, utan å spørja om tillating. Samt sendt rekning for rundballar som vart slått på hans sitt areal. Noko han ikkje synst er greitt.

Jordskifteretten > Kommunal behandling

Fire partar seier at dei i utgangspunktet hadde tenkt å nytta kommunen til å gjennomføre byta. Ingen av partane beskriv jordskiftesakene som konfliktfylte. Likevel vart tre forhold verre og eit forhold uforandra som følgje av saka. I to av sakene der forholda vart verre, forklarte partane at det var utanforståande årsaker som var årsaka til forverringa av forholdet etter saka. Forholdet i den tredje saka vart verre som følgje av at den andre parten ikkje haldt sin del av avtalen i jordskifte.

I tre tilfelle kom eigedomane betre ut av saka, medan i eit tilfelle kom eigedomen uforandra ut av saka.

Part 11 valde jordskifteretten på grunn av det var «billigare enn å ta det hos kommunen».

Motivasjonen hans var òg å få det billigast mogleg. Part 24 fortalte at han valde «jordskifteretten fordi det var mykje billigare – for å sei det rett ut». Han var motivert for å gjennomføre bytet hjå kommunen, men motivasjonen brast då han høyrde «kva det kosta hos kommunen med oppmåling».

Part 13 planla i utgangspunktet å nytta kommunen. Den andre parten ønskja å få det tinglyst i same slengen. Dette, samt prisen var årsaka til at valet falt på jordskifteretten. Part 17 fortalte at det var «svært lurt å nytta jordskifteretten. Det er svært billig, det kosta oss ca. 5 000 kr, og visst du skulle brukt kommunane så hadde nok kosta ein plass mellom 50 – 100 000 kr». I tillegg fortalte han at ein slepp politisk og byråkratisk innblanding ved å nytta jordskifteretten.

Tredjepart i konflikten

I saker med konflikt har det i nokre tilfelle vore ein utanforståande part (tredjepart) som har vore årsaka til at problema oppstod eller var ein del av konflikten, men ikkje ein part i saka. Mellom anna i sak 10 var det Statens Vegvesen som førte til byrjinga på problema mellom partane. I sak 23 var det

staten som skulle dele ut areal til landbruka i bygda, medan kommunen blanda seg inn i fordelinga til jordskifteretten. Kommunen si innblanding skapa store konflikhtar mellom partane, og etter 20-22 år er framleis partane sine relasjonar prega av saka.

Motivasjon

Part 22 og 23 var til tider umotiverte undervegs jordskifte. Felles for partane var at dei begge opplevde saka som eit inngrep i eigedomsretten, var bekymra for kva delar av eigedomane deira som kom til å bli dei resterande partane i saka sine, opplevde å få eit verre forhold til resterande partar i saka og estimerte saka til øvre del av skalaen, når det gjeld saka si påverknad på parten si psykologiske velvære.

Motivasjonen til partane var varierende. Til dømes var motivasjonen til part 16 og 23 å få orden til etterkommarane skulle ta over. Eigedomsforholda vart i orden, medan forholdet mellom partane inneberer framleis konflikt.

For part 20 var motivasjonen «å få det best moglege ut av det», medan for part 17 var økonomien motivasjonen. Forholdet mellom partane i sak 20 er bra, medan i sak 17 har det blitt konfliktfylt i ettertid av jordskiftet, jf. delkapittel 4.2, s. 39.

Motivasjonen til part 6 «*var at eg ikkje kunne ha det slik som det var, for atte han lagde så mykje problem*». Forholdet vert beskriven som lite konfliktfylt, då partane held avstand.

For partane 1, 2, 3 og 5 omhandla motivasjonen landbruket, derunder å få betre arrondering og samanhengande teigar. Dei fire bøndene opplevde ikkje eit konfliktnivå.

Resterande partar hadde i stor grad motivasjon om å få det best mogleg sjølv.

Bi-effekt ved jordskiftesaka

Blant anna part 12 fortalte at kjenslene undervegs i jordskifte gjekk frå å vere greie og likegyldige til å bli ein stor belastning og noko trist. Vennsksforhold gjekk tapt på bakgrunn av saka, noko parten opplevde som ein negativ konsekvens av saka. Parten var umotivert til tider, og tenkte meir på det som eit ork med mykje papir og negativitet rundt det.

Arealet si kjenslemessig betydning:

Eit spørsmål i intervjuguiden var om partane klarte å estimera på ein skala frå 1-10, kor viktig arealet som gjekk inn i skiftet var for parten kjenslemessig. Derav var 10 viktigast. Partane 2, 7, 16 og 19 estimerte areala sine til å ha kjenslemessig betydning tilsvarande 8, 8, 8-9 og 10 på skalaen. Felles for desse partane er at alle plasserte areala på øvre del av skalaen, og alle synst eigedomane sine kom betre ut av jordskifte enn kva dei var på førehand. 3 av 4 partar var rekvirentar i saka. Undervegs i saka, var det konflikt i 3 av 4 saker.

4.7 Kryssreferanse

Ettersom det kan vere utfordrande å halde kontroll på alle partane, er det difor laga ein liten tabell med namnet på parten/saka og stikkord om parten. Krysstabellen kan nyttast som eit oppslagsverk undervegs i lesinga av kapitel 4 og 5, for å halde kontroll på dei ulike partane.

Tabell 3: Nøkkelord om kvar enkelt part.

Namnet på parten/saka	Stikkord
1	- Motivasjon: Betre arrondering i landbruket og samanhengande teigar.
2	- Motivasjon: Betre arrondering i landbruket og samanhengande teigar.
3	- Motivasjon: Betre arrondering i landbruket og samanhengande teigar.
4	- Brev frå jordskifteretten. Overraska og irritert over brevet, ettersom jordskifte kom uventa og brått på. - Dommaren opptredde som meklar i saka.
5	- Motivasjon: Betre arrondering i landbruket og samanhengande teigar. - Gjekk frå å ikkje samarbeide til å samarbeide.
6	- Jordskifte framfor å melde naboen til politiet. - Behandla den andre parten som sonen sin før saka. - Ved avgjerder i saka: tok ikkje omsyn til naboforholdet pga. øydelagt forhold på førehand av saka.

	<ul style="list-style-type: none"> - Saksbehandlinga var god, trygg, ryddig og gjennomført av solide folk. - Brot i avhengigheita. - Ingen konflikt i dag pga. avstand og ingen omgang. - Gjer ingenting for å betra forholdet. - Framtida ligg godt til rette for begge.
7	<ul style="list-style-type: none"> - Minkande konfliktnivå pga. flinke folk i jordskifteretten. - Oppretting av gamle synder. - Det ombyta arealet hadde stor kjenslemessig verdi.
8	<ul style="list-style-type: none"> - Nye arealet er samanhengande og enklare å nytta. - Tidlegare arealet hadde ingen sjel.
9	<ul style="list-style-type: none"> - Brot i avhengigheita. - Dårlig naboforhold før og etter saka. - Vart kvitt konfliktområdet, men forholdet forblei sameleis. - Ikkje konflikt etter saka pga. avstand og ingen omgang.
10	<ul style="list-style-type: none"> - Brev frå jordskifteretten om jordskifte. Naboen hadde ikkje informert. - Eigedomen var betre før. - Jordskifte vart aldri nemnt i ettertid. - Tredjepart byrja problema.
11	<ul style="list-style-type: none"> - Jordskifte > Kommunal behandling. - Billigare å ta det hos jordskifteretten enn kommunen.
12	<ul style="list-style-type: none"> - Kraftverksutbygging. - Kjenslene gjekk frå greie og likegyldig til stor belastning og trist. - Omgangsvenner: har ikkje lengre omgang i det heile teke. - Ønskja ikkje jordskifte. - Konfliktnivået auka hjå enkelte. Slik er det òg i dag, 5-7 år etter.
13	<ul style="list-style-type: none"> - Skulle nytta kommunen, men pga. ønskje om tinglysing nytta partane jordskifteretten. - Avhengigheit: Frakta sauene over informanten sine teigar for å komme til sin eigen teig.
14	<ul style="list-style-type: none"> - Felles rekvirering - Rettsmøte utan innkalla partar: <ul style="list-style-type: none"> • Utan synfaring

	<ul style="list-style-type: none"> • Utan saksførebuaende møte <ul style="list-style-type: none"> - Ingen konflikt
15	<ul style="list-style-type: none"> - Styresmaktene kravde jordskifte ved kjøp av ein del av ein gard. - Jordskifte var ein kamp han måtte ta. - Arealbytet har gitt lettare kvardag.
16	<ul style="list-style-type: none"> - Motivasjon: Orden til etterkommarane. - Jordskiftet opplevast som eit inngrep i eigedomsretten. - Arealet hadde stor kjenslemessig verdi. - Naboen hevda at han eigde inni naustet. - Mista båtopplaget. - Saka si psykologiske innverknad tilsvarande 8-9-ar på skala frå 1-10. - Sterke kjensler hjå dei eldre. - Situasjonen gjekk frå ulevelig til levelig/forretningsmessig. - Framleis negative utsegn etter 15-17 år.
17	<ul style="list-style-type: none"> - Felles rekvirering og einigheit om kva areal som skulle bytast. - I ettertid: sjalu på ombyta eigedom og prosjekta. Prøvde alle triks for å få naboen til å flytta. - Forholdet vart verre etter jordskiftet. - Motivasjon: svært billig å nytta jordskifteretten framfor kommunen. - Kjem til å tena mellom 2-3 millionar på makebytet.
18	<ul style="list-style-type: none"> - Tidlegare eigar kravde jordskifte. - Tvunge jordskifte ved kjøp av gard. - Naboforholdet var kjempe bra etter saka.
19	<ul style="list-style-type: none"> - «Gjekk stilt i dørene» når det gjaldt jordskifte til parten han leigde areal hjå. Hadde bekymringar om dette naboforholdet. - Opplevde jordskifte som eit inngrep i eigedomsretten, til fordel. - Eldre partar såg kun at dei mista ein del av eigedomen. Dei var «betutta» ei stund. Sterkare kjensler hjå dei eldre. - Verre naboforhold fyrste 5 åra etter jordskifte. - Sure miner og kritikk mot at ein gjekk til jordskifteretten. Og at det vart forandringar på jorda.
20	<ul style="list-style-type: none"> - Temperatur undervegs i saka, men heilt normalt.

	<ul style="list-style-type: none"> - Motivasjon: å få best mogleg ut av det.
21	<ul style="list-style-type: none"> - Felles rekvirering - Rettsmøte utan innkalla partar: <ul style="list-style-type: none"> • Med saksførebuande møte • Utan synfaring - Ingen konflikt
22	<ul style="list-style-type: none"> - Umotivert for jordskifte. - Opplevde det som eit inngrep i eigedomsretten. - Bekymra for kva areal som kom til å bli den andre parten sitt. - Forverring av forholdet til naboane.
23	<ul style="list-style-type: none"> - Staten delte ut landbruksareal. - Kommunal (tredjepart) innblanding førte til store konflikhtar. - Umotivert for jordskifte. - Innhenta rettleiing på eige initiativ. - Saksbehandlinga gav usikkerheit, sinne, irritasjon og var energitjuv. - Kvinnediskriminering. - Økologisk landbruk. - Store konflikhtar. - Etter 20-22 år har partar byrja å helsa på kvarandre. Tar på seg ei høflegheitsgreie under praten.
24	<ul style="list-style-type: none"> - Ventetida var «heilt ekstrem». - Jordskifte > Kommunal behandling pga. prislappen i kommunen. - Gjekk frå ikkje å samarbeide til å samarbeide etter jordskifte. - Forholdet vart meir negativ fordi naboen ikkje haldt sin del av avtalen.
25	<ul style="list-style-type: none"> - Inaktiv i saka. - Konfliktnivå gjekk ned etter saka.

Del V – Analyse og drøfting

Innleiing	s. 56
Kva sosiale effektar medførte saka for partane sin relasjon, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?	s. 57
Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?	s. 65
Kva skyldte dei sosiale effektane?	s. 69
Korleis utviklar konfliktnivået seg?	s. 73
Oppsummering av drøftinga	s. 77

5 Kapittel – Analyse og drøfting

5.1 Innleiing

I det førre kapittelet vart funna frå intervjua presentert så detaljert som personvernomsynet tillèt, derav nokre ved ei kvantitativ framstilling. Analyse og drøftingkapittelet vil gå føre ved å dra ut mest mogleg kunnskap frå datamaterialet. Kapitelet vil bli presentert etter underproblemstillingane, jf. kap. 1.3 *Problemstilling*. Problemstillinga og underproblemstillingane vil stå i fokus, og drøftingane skal prøve å svara på desse. Kapittelet består av fem delkapittel, derav eit for kvar underproblemstilling og ei oppsummering. På den måten blir kvar underproblemstilling behandla kvar for seg.

Øg i dette kapittelet vil endringa i forholdet som følgje av jordskiftet og konflikt vere i fokus.

Framgangsmåte i analysearbeidet

Analysen er eit hjelpemiddel til å finne ut *kva* intervjuet har å fortelja, medan tolkinga søkjer *meininga*. Formålet med tolkinga er å forklare innhaldet eller betydninga av noko. Grunnlaget for analysen finn ein i intervjuguiden. Tankar om kva ein ønskje å vita og svara som skal bidra til å setje lys på problemstillinga, kjem fram der (Dalland, 2012, s. 178). I kvalitativ metode er dermed analysen ein aktiv del heile vegen. Allereie i kap. 4 *Presentasjon av empiri*, vart datamengda redusert.


Etter transkriberinga av intervjua vart svara kategorisert med samsvar frå andre intervju. Ved oppdelinga av intervjua, fann eg enkeltsidene ved intervjuet. I tillegg vart det mogleg å danna krysstabulering ved å lage ulike matriser, basert på svara under intervjua. Formålet med krysstabellar er å analysere om variabel (Y) er avhengig av ein eller fleire x-variablar (Ringdal, 2009, s. 296). Ved bruk av krysstabellar er formålet å forklare fenomen, til dømes om konflikt mellom partane skyldast mangel på synfaring.

Analysen sine handlemoglegheiter styrast av avgjersler i forbinding med førebuinga, arbeidet med intervjuguiden, gjennomføringa av intervjuet og etterarbeidet (Dalland, 2012, s. 178).

5.2 Kva sosiale effektar medførte saka for partane sin relasjon, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?

Balansert jordskifte

Roalkvam fortel at «eit jordskifte vert på mange måtar ein balanse mellom å oppnå gode løysingar og samstundes oppretthalde eit godt forhold til naboen» (2003, s. 79). Basert på svara på intervju (figur 16 og 17), klarer dei fleste jordskifta å balansere mellom gode løysingar og vidareføring av naboforholdet. Likevel kan det sjåast som at Roalkvam tar for gitt at partane i jordskifteretten i utgangspunktet har eit godt forhold. I denne undersøkinga kjem det fram at jordskifte kan bidra til å oppattrette det ugilde forholdet eller avverje at forholdet blir verre på grunn av ueinigheiter eller konflikt om areala.



Figur 16: Korleis eigedomane kom ut av saka.

Figur 17: Endringa i relasjon.

Eit generelt trekk ved undersøkinga, er betringa av eigedomane i undersøkinga. I heile 20 av 25 saker fortalte partane at dei synst eigedomane kom betre ut, enn kva dei var på førehand. Jordskifteretten oppnådde dermed gode løysingar i 80% av sakene, i følgje informantane.

Når det gjelder endring av forholdet til naboen som følgje av saka, opplevde 8 av 25 partar ei forverring av relasjonen til resterande partar i saka. Medan kun 4 av 25 informantar opplevde ei betring i relasjonen til resterande partar i saka. Nokre partar opplevde ei betring ved at ei «barriere» vart broten mellom partane, og det vart dermed enklare å spørja naboen om hjelp når det trengst. Medan ein part opplevde betring ved at forholdet gjekk frå ulevelig til levelig.

Største parten opplevde at jordskifte vidareførte det gode forholdet til naboen, altså at forholdet forblei sameleis før og etter jordskifte. Mange partar fortalte at løysinga fjerna det som var eit

«irritasjonsmoment» mellom naboane. Til tross for at det var eit irritasjonsmoment i eigedomstilhøva, hadde dei fleste partane eit godt naboskap og ingen konflikt. Forholda vart kategorisert som uforandra, ettersom forholda var sameleis før og etter saka. Det kan tenkjast at jordskifteløysinga kan ha vore viktig for å vidareføra det gode forholdet. Utan jordskifteløysinga kunne moglegvis irritasjonsmomentet blitt så stort at det hadde påverka relasjonen mellom partane. Unntaksvis var tre partar som beskreiv forholdet som uforandra, og meinte at forholdet var like negativt før og etter jordskifte. Desse tre partane var derimot nøgd med jordskifteløysinga i marka.


Dette gir eit inntrykk av at eit jordskifte sjeldan betre forholda mellom partane, men kan vere naudsynt for å avverje at relasjonen blir dårlegare.

Drøftinga og figurane ovanfor tyder på at jordskifteretten er betra på konfliktløysing i marka enn relasjonsbygging mellom partane, jf. delkapittel 5.5 *Konflikt*. Basert på dette, oppnår sakstypen jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b og jskl. (2013) § 3-4 i stor grad å balansere gode løysingar og samstundes vidareføring av naboforholdet.

Jordskifteløysing bygd på semja mellom partane, jf. jskl. (2013) § 3-13 andre ledd

I sak 17 var partane einige om kva areal som skulle bytast. Likevel vart eit ordinært rettsmøte utan synfaring gjennomført. Det fyrste året etter jordskiftet medførte jordskiftet positive sosiale effektar for både parten sølv og relasjonen til resterande part i saka, då begge partar var nøgde med jordskiftet. Ei tid etter oppstod det sjalusi på eigedomen og prosjekta intervjuobjektet hadde på den ombyta parsellen. Forholdet mellom partane vart verre som følge av det gjennomførte makebytet. Langtidseffekten (15-17 år) av jordskiftet førte til negativ sosial effekt for relasjonen mellom partane, medan intervjuobjektet er framleis nøgd med sitt nye areal. I kva grad jordskifteretten har klart å balansere gode løysingar og føre vidare det gode forholdet i denne saka, er usikkert. Det kan tenkjast at jordskiftedommaren har fokusert for mykje på einigheita mellom naboane. Dermed vart det gløymt å undersøkje verdiauken den eine parten kom til å få, og som resterande part gjekk glipp av pga. makebytet. Ein bør merkja seg at jordskifteretten skal verdsetje alt som går i bytet, jf. jskl. (2013) § 3-14. Pårekneleg bruk i dette tilfellet var hyttebygging, og parten fortel at han kjem til å tena «ein plass mellom 2-3 millionar» på makeskiftet, jf. jskl. (2013) § 3-15. Då parten skal byggja ut området å leiga det ut til turistar eller selja hyttene.

Einigheit ved felles krav om jordskifte?



Figur 18: Krysstabulering: Rekvirert i samrå og Konflikt.

Figur 19: Krysstabulering: Rekvirert i samrå og Forholdet mellom partane etter saka.

Heile 15 av 25 saker var rekvirert av partane i samrå. Partane uttrykke at sakene var rekvirert i samrå på grunn av einigheit om å ønskja å byta, eller einigheit om kva areal som skulle bytast. På bakgrunn av dette, var fyrste tanken at sakene bestod av einigheit, ingen konflikt og ein god relasjon til resterande partar. Slik var det ikkje fullt ut.

Det er flest tilfelle der einigheita på førehand av saka, ikkje bidreg til konfliktdar ved utgangen av saka. Heile 13 av 15 saker innebar ikkje konflikt etter saka. Desse partane var heller ikkje i konflikt på førehand av saka. Det er dermed grunn til å tru at avleiinga av ei evt. konflikt gjekk føre ved samarbeid om løysingar mellom partane, samt partane sine val av handlingar (Øygard et al., 2009, s. 6).

Til tross for lågt konfliktnivå etter saka, ser ein at opp fleire forhold mellom partane vart verre som følgje av saka. Heile 6 av 15 forhold vart forverra som følgje av jordskiftet. Dette tyder på at jordskifteprosessen kan ha hatt innverknad på relasjonane mellom partane. Ser ein dette i kontekst av nedgangen i samarbeid (fig. 25), indikerer det at effekten òg hadde samanheng med drifta av eigedomane. Noko som er hovudanleggjande for jordskifteretten, i større grad enn det reint psykologiske.

Negative utsegn forsvinn eller vert redusert

Negative utsegn frå resterande partar i saka, påverkar partane i negativ grad. Det påverkar ikkje kun parten sjølv, men òg deira relasjon. Roaldkvam (2003, s. 79) seier at i dei fleste sakene forsvinn eller reduserast dei negative utsegna. Derimot er det ikkje slik for alle i denne undersøkinga. Sjølv etter

15-17 år, opplev mellom anna part 16 negative utsegn frå den andre parten. Parten fortalte at det går ikkje like djupt innpå han no som tidlegare. På eit tidspunkt var situasjonen ulevelig, medan etter 15-17 år er situasjonen levelig. Jordskifteløysinga og klarheita den gav, førte til ein levelig situasjon igjen. Formålet med å gå til jordskifteretten var å roa konfliktnivået ned, noko jordskifteretten klarte. Forholdet vart definert som betra, då det gjekk frå ulevelig til forretningsmessig. Det er klart at ein situasjon med ein krangel om eigedomstilhøva gjennom to generasjonar, medfører store negative sosiale verknadar både fysisk og psykisk for partane. Parten estimerte saka si innverknad på hans psykologiske velvære til ein 8-9-ar i negativ grad, på ein skala frå 1-10.

Jordskifte > Melding

Ei sak som var eit spesialtilfelle er sak 6. I saka vart jordskifte prioritert framfor å melde naboen til politiet. Det å vurdere å melde naboen til politiet seier noko om det skyhøge konfliktnivået før jordskiftesaka. Det er mogleg at ei melding kunne ha skapa større problem mellom partane, sidan det ikkje ville ha fiksa opp i eigedomsproblema som var hovudproblemet. Etter jordskiftet vart partane kvitt problemet i marka, sjølv om vennskapet langt i frå er det same som før.

Rapporten *Gevinstbetraktninger ved jordskifte* fortel at «*selv om jordskiftesaker kan virke opprivende mens de pågår, vil de langt fleste på sikt bidra til å redusere konflikter og å etablere bedre betingelser for godt naboskap i lokalsamfunn*» (Øygard et al., 2009, s. 11). Funna i denne undersøkinga tilseier at ein bør skilje mellom konflikt og godt naboskap, og ikkje behandla dei så tett relatert som Øygard antyd. At «de langt fleste» bidreg til betring av relasjonen/naboskapet, tilbakeviser undersøkinga. Særleg figur 17 *Endringa i relasjon* (avsnittet *Balansert jordskifte*).

Ei sak som til dels avkreftar og bekreftar Øygard si utsegn, er sak 6. Tida før og undervegs i jordskifte var opprivande. Parten beskriv forholdet i dag som konfliktlaust, ettersom partane held avstand og ingen omgang. Som rapporten uttrykte, har den opprivande saka fått redusert konfliktnivået. Men, konflikten er tilbake dersom partane omgåast. På den andre sida bekreftar parten Øygard, ved å opna opp for at det kan bli annleis i framtida. Han fortalte at «*framtida den ligge godt til rette for både han og oss*». Langtidsverknadane av den 0-2 år gamle saka, fangar undersøkinga ikkje opp.

Kjønn

Totalt var 3 av 25 informantar kvinner. Dei tre kvinnene som vart kontakta fortalte meir og djupare om kjenslene sine i forbinding med sakene enn menn. Kvinnene gav i tillegg eit større inntrykk av påført negative sosiale effektar enn menn. Ingen av dei tre sakene kom ut med ein god relasjon til resterande partar i saka. I dag er sakene 5-7 år, 10-12 år og 20-22 år gamle, og framleis er relasjonane mellom partane prega av jordskiftesaka. Den eine parten mista omgangsvenner, den andre parten held avstand og den tredje parten har etter 20-22 år byrja å helsa på dei resterande partane i saka. Kvinna med den 20-22 år gamle saka opplevde òg kvinnediskriminering, og fortalte at «*det å vere kvinne var ingen fordel*». I tillegg vart den økologiske drifta ho dreiv hetsa. Ei samling av elementa var sannsynlegvis årsaka til det skyhøge konfliktnivået og øydelegginga av forholdet til resterande partar i saka.

Utan at eg kan uttale meg konkret om kjenslene til menn i forhold til kvinner, kan det spekulerast i at kvinner er meir open om kjenslene og utleverer dei i større grad enn menn. Dette kan vere ei mogleg forklaring på kvifor kvinnene står fram i denne oppgåva med ei større oppleving av sosiale effektar i negativ grad.

Det går fram av teorien at kun 14% av jordskiftedommarane i landet er kvinner (Innstillingsrådet for dommere, 2017, s. 5). Talet er ein del lågare enn talet kvinner som er dommar i alminnelege domstolar. I tillegg viser Praksis-/policynotatet (Innstillingsrådet for dommere, 2018, s. 31) at det er svært få kvinnelege søkjarar til stillingane jordskifterettane. Årsaka til det låge søkjartalet er usikker, men ei mogleg årsak er at dei fyrste kvinnelege jordskifte kandidatane vart uteksaminert i 1973. I tillegg vart det eksaminert svært få kvinnelege jordskifte kandidatatar dei fyrste 10-15 åra. Dette, samt dei tre kvinnelege partane sine møter med jordskifteretten, styrkar på ingen måte jordskifteretten sitt renommé når det gjeld kvinner. Det kan tenkjast at ein større del av kvinnelege jordskiftedommarar kunne ha medført færre dårlege erfaringar med tanke på kvinner sitt møte med jordskifteretten. Samt setta ein dempar på det kvinnesynet eller kvinnediskrimineringa part 23 opplevde.

Framtidig naboforhold

Roalkvam si undersøking viser at fleire partar som verken ønskte å delta eller følte at dei hadde nytte av felleløysingar, vart pålagt å vere med. Vidare seier Roalkvam at «*det er grunn til å tru at eit slikt samarbeid på sikt ikkje nødvendigvis vert positivt, men kan slå negativt ut for det framtidige naboforholdet*» (2003, s. 79). Til tross for at Roalkvam undersøkte bruksendring, kan ein dra

parallellar til denne oppgåva ved å undersøkje partar som ikkje ønskja jordskifte og deira naboforhold. Intervjuobjekta frå sakene 12, 18 og 23 ønskja ikkje jordskifte.

Sak 12 førte til eit negativ naboforhold. Fleire vennskap gjekk tapt, og 5-7 år etter saka er desse framleis tapt. Konfliktnivået har gått litt ned med tida, men mykje er uforandra.

I sak 18 var det heller ikkje ønskja med jordskifte, men det var tvungen ved kjøp av ein gard for 15-17 år sidan. Naboforholdet er «*kjempe bra*», i følgje parten. Naboane forstod at parten var tvungen til å gjennomføre jordskiftet, og var difor ikkje sur på parten.

Utfallet av sak 23 var negativt for naboane sin relasjon. Saka førte til eit avmålt forhold, der partane verken snakka eller helste på kvarandre. 20-22 år etter helser partane på kvarandre, men tillita er mista for alltid. Før saka kunne parten stole på dei andre, medan no tar ho på seg ei høflegheitsgreie når ho snakkar med dei.

Denne undersøkinga speglar på mange måtar Roalkvam si undersøking. Ein ser at uønskt jordskifte kan medføre negativ effekt for det framtidige naboforholdet. I dette tilfelle 5-7 år og 20-22 år etter jordskifte.

Motivasjon

Partane sin motivasjon i jordskiftesaka bestod i hovudsak av å sørge for at saka vart til det beste for seg sjølv. Det vart derimot ikkje nemnt at motivasjonen var å bevare naboskapet eller vennskapet. Basert på intervjuet, er det likevel ingen tvil om at dei fleste partane set pris på eit godt naboskap og ønskjer å bevare dette. Dette samsvarer svært godt med Roalkvam (2003, s. 79) si oppgåve, der han kom fram til at fleirtalet ønskje å bevare det gode naboskapet. På den eine sida ønskjer partane å ivareta sine interesser, medan på den andre sida kan det gå utover naboskapet. Dette kan peike på at partane synst relasjonen til resterande partar er viktig, men partane har tydelegvis ingen forhåpning om at jordskiftet skal bidra til bevaring av relasjonen.

Til tross for at partane set pris på det gode naboskapet, fortalte heile 24 av 25 partar at dei ikkje lèt bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerslene deira i saka. Dette kan tyde på to ting. Nokre av partane har eit godt og trygt naboforhold, medan andre forhold er såpass ugilde at partane ikkje tek omsyn til kvarandre. Undersøkinga inneheldt begge tilfelle.


Det å stå fram for å ta vare på eigne interesser kan gå utover naboskapet. Totalt åtte partar fekk eit verre forhold til dei andre partane. I desse sakene kan motivasjonen om å få det slik dei ønskte, vere medverknadane til forverringa av relasjonen mellom partane.

Når det gjeld jordskifteretten, kan det at 24 av 25 ikkje lèt bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene deira i saka, vise til at jordskifteretten er dyktig på å skape ei løysing som vert ei vinn-vinn sak for begge partar. Altså at begge partar får det slik dei ønskje.

På den andre sida opplev som sagt heile åtte partar å få ein verre relasjon til den andre parten. Dette tyder på at jordskifteretten er meir løysingsorientert i marka enn dei er opptatt av relasjonsbygging mellom partane. Det er verdt å merke seg at det er eigeidomen som er gjenstanden for jordskifte, ikkje eigaren, jf. jskl. (2013) § 1-2.

Samarbeid

For å undersøkje om jordskifte har medført ei effekt for partane, må ein undersøkje om partane handlar annleis etter jordskifte enn før (Engjæberg, 1986, s. 3).



Figur 20: Samarbeid før og etter saka.

Figur 20 viser samarbeidet før og etter saka, sortert etter alder. Som du gjerne ser, er ingen av søylene like før og etter saka. Fyrsteintrykket er at samarbeidet mellom partane sjeldan betrast som følgje av jordskifte. I tillegg bekreftar det inntrykket om at forholdet mellom partane sjeldan betrast ved eit jordskifte.

Part 5, 22 og 24 gjekk frå å ikkje samarbeide med resterande partar, til å samarbeide ved behov. Det å gjennomføre eit jordskifte bryt ei «barriere» mellom partane, og det vert dermed enklare å spørje resterande part om hjelp. Årsaka til dette resultatet er ei blanding av einigheit mellom partane, ønskje om å gjennomføre saka i jordskifteretten, gode kjensler hjå partane, god og truverdig åtferd

hjá den andre parten, aktive partar i saka og forståande jordskiftedommar. Verknaden av jordskiftet medførte dermed ein positiv effekt for relasjonen mellom desse partane.

Seks partar gjekk frå å samarbeida eller samarbeida litt, til å ikkje samarbeida i det heileteke etter jordskiftet. Det var ulike årsaker til at samarbeidet braut opp. For tre partar var det ikkje lengre behov for å samarbeide etter jordskifte, ettersom jordskifteløysinga rydda opp (brot i avhengigheita). Forholdet etter saka var like bra som før, i to av dei tre sakene. I den tredje saka vart forholdet betra. Situasjonen mellom partane gjekk frå å vere ulevelig til å bli forretningsmessig, som følgje av saka. I dei tre resterande tilfella var det konflikt som var årsaka til at partane ikkje fortsette samarbeidet. To av partane fortalte at dei framleis held avstand til dei andre partane, medan den siste parten har etter 20-22 år byrja å helse på dei andre partane att.

Totalt var det 12 partar som fekk endra samarbeidsmønster som følgje av jordskiftesaka. Det mest sentrale funnet er at kun tre partar fekk auka samarbeidet med naboen som følgje av jordskifte. Sett i samanheng med resultatata om relasjonen mellom partane etter saka, kan det tyde at den sosiale effekten av jordskifte sjeldan er så positiv som ein gjerne skulle ønskje. Årsaka består ikkje av ein enkelt grunn, men ei samansetning av fleire forhold. Mellom anna brot av avhengigheita mellom partane, endring i eigedomsmønsteret, bekymringar både ovanfor eigen eigedom og naboen, relasjonen på førehand, konfliktnivået på førehand, transformasjon i relasjon og konfliktnivå, einigheita mellom partane, aktivitetsnivået i saka, saksbehandlinga og samarbeidsviljen. Som nyanse til dette, ser ein som sagt eit tilfelle der parten fekk betre forhold til naboen som følgje av å bryte opp samarbeidet.

Basert på drøftinga ovanfor, kan ein sjå at brot i samarbeid generer både ulemper og fordelar. I nokre tilfelle førte brot av samarbeid eller brot i avhengigheita til betre relasjonar og mindre konflikhtar. Medan i andre tilfelle vart brot av samarbeidet ei følgje av konflikhtar og forverring av relasjon mellom partane.

5.3 Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?

Bønder sin relasjon til eigedomen

Behar (1986, s. 286) fortel om forskjellar i relasjon til eigedomen. Bøndene som har opparbeida den enkelte parsellen, har større tilknytning og kjensler til eigedomen enn til dømes ingeniørar. Ingeniøren fokuserer på det tekniske med blant anna nye system, medan bøndene fokuserte på det sosiale. Dersom undersøkinga skulle samsvare med Behar sine utsegn, hadde det vore venta at bøndene hadde fortalt om sine sterke kjensler til parsellen som gjekk inn i makebytet og ikkje nye «system» som betrar effektiviteten i landbruket.

Denne undersøkinga motseier Behar, men ver obs på at det kan vere store kulturforskjellar mellom denne og Behar si undersøking frå Leon i Spania. Det kjem fram at bøndene i større grad er opptekne av nye system som gir meir effektivt landbruk enn kjenslene til parsellane. Bøndene ønskjer jordskifte for å gjere kvardagen enklare for seg sjølv, samt betre arronderinga. Det kan dermed tenkjast at dagens bønder har begynt å få ingeniøren sitt syn. Når det gjeld spørsmålet frå intervjuguiden om kor stor kjenslemessig betydning det ombyta arealet hadde, visste bøndene til låg kjenslemessig verdi. Det viktigaste var å oppnå effektivitet i landbruket.

Vidare i teksten kjem det døme frå fulltidsbøndene sine intervju. Blant anna part 6 fortalte at kjenslene var gode undervegs i jordskifte. Han ønskja jordskifte for å få ei mykje betre løysing enn før. Motivasjonen til å gjennomføre bytet var på topp heile vegen, og parten fekk det trivelegare då det vart ordna opp. Ikkje minst vart det meir rasjonelt og mykje lettare.

Part 15 fortalte at arealbytet har gitt han *«ein lettare kvardag i forbindelse med å drive dei areala som gir betre og større samanhengande areal, tett i nærleik av der eg har drifta mi»*. Han fortalte vidare at det tidlegare arealet ikkje var knyta noko spesielt kjenslemessig til.

Part 8 fortalte at det tidlegare arealet hadde ingen sjel, og i tillegg var det ein steingard som var i vegen. Det nye arealet var samanhengande, og dermed enklare å utnytta.

Roalkvam si oppgåve fortel at *«kjenslene kan vere sterke under og i nær tid etter eit jordskifte, kanskje særleg hjå eldre partar»* (2003, s. 79). Partane 16 og 19 fortalte at kjenslene var sterkare hjå dei eldre partane. Part 16 fortalte at kjeftinga og smellinga kom frå dei gamle, og at situasjonen var ulevelig til tider. 15-17 år etter, opplev parten framleis å bli kjefta på. Medan part 19 fortalte at dei eldre partane var ganske *«betutta ei stund»*, ettersom dei kun såg at dei mista ein del av jorda si. På bakgrunn av dette var relasjonen mellom partane verre dei 5 fyrste åra etter saka. Til slutt vart dei eldre partane nøgde med å samle teigane og fjerninga av steingardane.

Det kan tenkjast at dei gamle bøndene ikkje tenkte på effektiviteten naboane kunne få i arbeidslivet, men på seg sjølv og deira relasjon til teigen. Dei gamle bøndene la tross alt sjela si å dyrka den litle parsellen, samt lagde steingardarane for hand. Eldre gardeigarar er gjerne òg meir tradisjonsbundne og opplev endringar som negativt (Engjaberg, 1986, s. 3). Den sosiale effekten av jordskiftet blir dermed negativ for den eldre bonden og for relasjonen til resterande partar, men positiv for resterande partar som får eit enklare og meir effektivt landbruk.

Frigjering av avhengigheita mellom partane

Ein gjengangar i makebytta var at partane var avhengig av kvarandre. Partane gjerne må over ein annan part sin eigedom for å komme til sin eigen teig. Dette var svært utenleg i tilfelle der partane allereie var i eit konfliktfylt forhold. Myrvold (2012, s. 45) forklarte at avhengigheit er eit av kjenneteikna ved konflikthar. Naboar sine ulike tankesett og prioriteringar kan lett få konsekvensar for naboen. Ei slik usemje kan føre til krangel, ettersom partane er avhengige av kvarandre gjennom naboskapet. Mellom anna i sak 6 og 9 medførte avhengigheita ein slik krangel mellom partane. Det ugilde naboforholdet gav usikkerheit, dårleg trivsel og krangling. Då avhengigheita vart fjerna kunne partane velja mellom å unngå framtidig kontakt eller betra relasjonen ettersom konfliktområdet vart fjerna. Partane 6 og 9 valte å halde avstand til resterande partar etter brot i avhengigheita. Desse partane definerte forholdet som konfliktfritt etter jordskiftet, ettersom dei held avstand og unngår omgang med resterande partar. Relasjonen definerte partane som uforandra, men fortalte at forholdet var like ugildt før og etter saka.

Brot i avhengigheita vert definert som ein vinn-vinn situasjon (Lund, 2013, s. 49). Begge partar opplevde positive effektar som følgje av brot i avhengigheita var moglegheita til å råda over eigen eigedom, utan å måtte spørje om tillating frå andre. Blant anna i sak 13 måtte den andre parten frakte sauene sine over informantens sine teigar, for å komme til sin. Noko som var tungvindt. Partane i sak 13 var einige om å ta saka til retten for å bryte avhengigheita mellom partane, og hadde på førehand av saka bestemt korleis dei ønskja at resultatet skulle verta. Parten sjølv vart svært nøgd med korleis eigedomen vart, og oppleve ein fordel ved å gjennomføre jordskifte. Relasjonen var like bra før og etter saka, og det var positivt for partane at jordskifteretten la partane si einigheit til grunn for avgjersla i saka.

Eigedomen si kjenslemessig betydning

For å få ei forståing for mykje eigedomane betyr for partane, spurde eg om partane var aktive eller deltakande i saka. I dette inngår det mellom anna om partane møtte opp på det som var å møte opp på i forbindelse med saka. Dette gav eit inntrykk om partane var villig til å stille opp i retten for eigedomen eller ikkje. Og om partane var engasjerte i kva som kom til å henda med eigedomane deira. Heile 23 av 25 partar beskrev seg sjølv som aktive eller deltakande i saka. Dette var meir enn venta. Eit jordskifte kan vere personleg viktig for parten eller noko som er såpass alvorleg og viktig at parten er nøydd til å engasjere seg. Både av omsyn til seg sjølv, retten og dei andre partane. Uavhengig av sakstype, er dette kjensler eller relasjon partane kan ha til eigedomane sine.

Under intervjuet med mellom anna partane 2, 7, 16 og 19 kom det fram at arealet som gjekk inn i jordskiftet hadde stor kjenslemessig betydning for partane, jf. delkapittel 4.6 *Arealet si kjenslemessige betydning*. Samtidig syns nokre av partane at saka, relasjonen til andre partar og konfliktnivået var dumt eller negativt på tidspunktet rundt jordskiftesaka. Likevel svara alle at eigedomane vart mykje betre etter jordskiftet. Oppgåva sitt breie tidsperspektiv viser at «tida leger alle sår», altså etter ei tid erkjente partane at det faktisk hadde blitt betre.

Ein part fortalte at tidsrommet etter jordskiftesaka gav negative verknadar ovanfor seg sjølv. Roalkvam poengterer at det er normalt at «*kjenslene kan vere sterke under og i nær tid etter eit jordskifte*» (2003, s. 79). Dei siste 20-22 år gjekk dei negative sosiale effektane over til å bli positive, då parten vart svært nøgd med resultatet av saka. Det kan tenkjast at desse partane trengde tid til å døyve jordskiftet før dei såg vinninga. Langtidsverknaden av jordskiftet gav positive sosiale effektar for desse partane.

Jordskifteretten > Kommunal behandling

Ei sak for jordskifteretten krev ikkje konflikt mellom partane, men eit utenleg forhold, jf. jskl. (2013) § 3-2. På bakgrunn av dette, valde fire partar som i utgangspunktet hadde tenkt å nytta kommunen til å gjennomføre byta, å nytta jordskifteretten. Årsaka var prislappen hjå jordskifteretten i forhold til kommunen. Jordskifteretten er svært mykje billigare enn kommunane.

Sky (2009, s. 370) forklarte at grunneigarane fyrst og fremst er opptekne av sin eigen situasjon, og ikkje dei samfunnsøkonomiske gevinstane. I denne undersøkinga var partane fyrst og fremst einige om kva areal som skulle bytast for å transformere eigedomen frå utenleg til tenleg. Vidare var

grunneigarane opptekne av at jordskifte skulle vere positiv for dei sjølve, lommeboka og relasjonen. Derimot å bidra til auka ventetida i jordskifteretten for andre som hadde eit problem som ikkje kunne løysast ved kommunalbehandling, tenkte partane ikkje på. Desse elementa partane peikar på, passar uttrykkeleg til Sky sitt utsegn.

Formålsparagrafen i jskl. (2013) gjer greie for ei rask og effektiv behandling av sakene. I Noreg er som kjent ventetida for handsaming av saker nokså lang. Ved Sunnmøre jordskifterett er ventetida for handsaming av enkelte sakstypar inntil tre år (Engås, 2019). Mellom anna beskreiv part 24 ventetida som «*heilt ekstrem*». Utan å gå for djup inn i diskusjonen om korleis kutte ned på ventetida (oppgåva avgrensar seg mot det), bør det kommenterast med omsyn til partane. Opp til fire partar ønskja ikkje jordskifte og opplevde det som tvungen eller pressa. Å vente opp til tre år på jordskifte kan gi store negative sosiale effektar både for parten sjølv og partane sin relasjon. Mellom anna svara part 23 at ho opplevde det å skulle møte i jordskifteretten som «*veldig traumatisk*», samt som ei stor påkjenning på hennar psykologiske velvære. Slike tankar vert sannsynlegvis ikkje betra ved auka ventetid.

På bakgrunn av drøftinga ovanfor, bør det takast til vurdering om saker som kunne vore løyst ved kommunal behandling, burde blitt det. Forslag til ei framtidig oppgåve, er å undersøkje korleis utenlegheitskravet skal tolkast i kontekst av saker som kunne blitt løyst i kommunane.

Ein kan òg kople dette til funna over saker der partane er einige, typisk saker med rettsmøte utan innkalla partar. Ei mogleg løysing for å redusere talet saker i jordskifteretten og ventetida, er å sortere ut saker med einigheit og saker der jordskifteretten vert føretrekt framfor kommunane pga. prislappen. Altså at slike saker må bli gjennomført ved kommunalbehandling. I eit slikt tilfelle ville avgrensingsspørsmålet til jordskifteretten blitt vanskeleg, då jordskifteretten har sjølvstendig ansvar for å ta stilling til kravet, samt løysinga.

5.4 Kva skyldte dei sosiale effektane?

Avhengigheit


Fleire saker kom inn i jordskifteretten med ei avhengigheit mellom partane. I fleire tilfelle var dette årsaka til dei utenlege tilhøva mellom partane. For nokre partar påverka avhengigheita relasjonen mellom partane, negativt.

Som følgje av jordskiftet vert det brot i avhengigheita mellom partane. Dei positive sosiale effektane både ovanfor parten sjølv, samt relasjon vert danna på bakgrunn av dette brotet i avhengigheita.

For meir omtale om avhengigheit mellom partane, sjå delkapittel 5.3 *Kva sosiale effektar medførte saka for partane sjølv, og i kva grad slo effektane ut negativt eller positivt?*

Rettsmøte utan innkalla partar

Figur 12 viser at 7 av 25 saker vart utført som *rettsmøte utan innkalla partar*. *Rettsmøte utan innkalla partar* omfattar saker utan konflikt. Når det gjelder synfaring og saksførebuande møte, varierer det om det har blitt nytta. Vidare i teksten tek ein kun omsyn til sakene med *rettsmøte utan innkalla partar*, og difor er det kun 7 partar i figurane nedanfor. Informasjonen parten har gitt om synfaring og saksførebuande møte er dobbelsjekka i rettsbøkene og med jordskifterettane/jordskiftedommarane.




Figur 21: *Krysstabulering: Rettsmøte utan innkalla partar vs. Transformasjon i relasjon som følgje av saka.*

Ved å gjennomføre *rettsmøte utan innkalla partar* oppnår jordskifteretten krava til rask og effektiv saksbehandling, jf. jskl. (2013) § 1. Er derimot den effektive saksbehandlninga konfliktløysande og relasjonsbyggande, eller er det ein «snarveg» jordskifteretten nyttar i mindre jordskiftesaker? Det er vanskeleg å seie noko om det er ein «snarveg» jordskifteretten nyttar, i tråd med denne oppgåva si avgrensing. Jordskifteretten og jordskiftedommarar vart nemeleg ikkje intervjuja.

Når det gjelder relasjonsbygging, ser ein i figur 22 at fleirtalet opplev at forholdet til resterande partar forblir sameleis. Derimot er det fleire som opplev at forholdet til resterande partar blir forverra enn betra, som følgje av

saka. Ei mogleg forklaring på forverringa, er den summariske saksbehandlinga ved *rettsmøte utan innkalla partar*.



Figur 22: Krysstabulering: Rettsmøte utan innkalla partar vs. Korleis eigedomane kom ut av jordskifte.

Det går fram av figur 23 at flest partar opplevde at eigedomene kom betre ut av jordskifte enn kva den var på førehand. Dette tyder på at jordskifteretten er betre på jordskifteløysing enn relasjonsbygging.

Sakene medførte ikkje konflikt etter saka, og difor kan det tenkjast at den effektive behandlinga eller «snarvegen» er konfliktavleiande. Einigheita ved inngangen av jordskiftet fortsett etter jordskiftet. *Rettsmøte utan innkalla partar* gav difor svært få negative sosiale effektar. Det må merkjast at saker som løysast ved *rettsmøte utan innkalla partar*, oftast består av einigheit og mindre arealbytter.

Den positive sosiale effekten ved sakene er brot i avhengigheita til naboen, jf. førre delkapittel om avhengigheit.

7 av 25 saker vart som sagt gjennomført som *rettsmøte utan innkalla partar*, og alle desse 7 sakene vart ført i samråd. Ikkje alle jordskiftedommarane er einige om det er i tråd med lova å gjennomføra *rettsmøte utan innkalla partar*. Likevel nyttar framleis nokre dommarar jskl. (2013) § 6-21, fjerde ledd, andre punktum til å utføre denne typen saker.

Sjølv om utvalet er nokså lite, tyder undersøkinga på at *rettsmøte utan innkalla partar* ved sakstypen § 3-4 i jskl. (2013) og § 2 fyrste ledd bokstav b i jskl. (1979) ikkje bidreg til store konflikhtar.


Uventa jordskifte

Det at situasjonen på førehand av saka har betydning for utfallet av saka, ser ein blant anna i to saker. I tilfella opplevde partane å få brev i posten om at det skulle haldast jordskifte, utan å verte informert av rekvirentane (naboane). Motsetnadsvis frå jskl. kan ein sjå til tvistelova (2005) (heretter tvl.). Etter tvl. sine reglar skal motpart varslast om kravet, samt minneleg løysing skal verta forsøkt før sak reisast, jf. tvl. § 5-2 og § 5-4.

Partane vart både overraska og irritert over brevet, ettersom jordskifte kom uventa og brått på. I den eine saka var det konfliktfylt undervegs i saka, medan i den andre saka var konfliktnivået svingande. I

saka med svingande konfliktnivå, kan det tenkjast at dommaren si oppførsel som meklar hjalp på partane sin relasjon, då saka vart konfliktfri etter jordskiftet. Intervjuobjektet opplevde at motpart gav seg på nokre krav, og synst meklinga var ein viktig del av saka. Dette var positivt for relasjonen mellom partane, då informanten beskriv partane som venner i dag. Parten frå den fyrste saka opplevde at rekvirenten prøvde å lure han. Parten fortalte at det i dag ikkje er «*noko forhold, men det er greitt nok*». I ettertid har jordskiftet aldri vore eit samtaletema mellom partane av spesielle årsaker som kom fram under delkapittel 4.6 *Andre funn*. Det kan tenkjast at samlinga av både brevet og ting som har skjedd i ettertid, skyldar det avgrensa forholdet og ikkje minst samtaleemna.


Samanlikning av endring i relasjon og samarbeid etter jordskiftet



Figur 23: Endring i forholdet mellom partane.

Figur 24: Samarbeid som følgje av saka.

Ved samanlikning av endringa i forholdet mellom partane og endring i samarbeid som følgje av saka, ser ein at figurane er nokså like. Dette støttar opp funnet om at forholdet mellom partane, vert påverka og heng saman med andre element. Det skil ein part mellom talet uforandra forhold som følgje av saka, og uforandra samarbeid som følgje av saka. Viktig å merkja seg at kun åtte partar tilhøyrar *uforandra* i begge figurane.



Figur 25: Saksbehandlinga gav:

Eit jordskifte sin prosess har tydleg påverknad på partane. For nokre skapar saksbehandlinga tryggleik, medan andre usikkerheit. Dette kan føre til asymmetri i styrkeforholdet.

Konsekvensen av asymmetri ser ein mellomanna i sak 23, der parten opplevde at dommaren tok parti med resterande partar sine argument i saka.


Moglege konsekvensar for den svake parten, er at parten ikkje får fremja sine meiningar eller belyst saka godt nok frå si side. Asymmetrien i

styrkeforholdet spelar difor inn på relasjonen

mellom partane (Myrvold, 2012, s. 52). I sak 23 var asymmetrien eit medverkande element til store konsekvensar for partane, då partane ikkje byrja å helse på kvarandre før etter 20-22 år.



Figur 26: Rettleiing frå retten.



Figur 27: Korleis parten følte seg forstått.

Ein ser at 19 partar følte seg forstått av dommaren og 15 partar opplevde saksbehandlinga som trygg. Det tenkjast at det er ei samanheng mellom desse to. Alle partane som opplevde saksbehandlinga som trygg, følte seg òg forstått av dommaren.

Derimot er det ikkje samanheng mellom figur 26 og 28 og opplevinga av å få tilstrekkeleg med rettleiing. Årsaka er at partane som opplevde tryggleik og forståing svara ulikt på om dei opplevde tilstrekkeleg med rettleiing. Nokre kjente såpass godt til jordskiftesystemet at det ikkje var naudsynt

med rettleiing, andre opplevde tilstrekkeleg med rettleiing og dei siste opplevde å få litt lite rettleiing.


Ser ein saksbehandlinga i perspektiv med konfliktnivå, kan det vere slik at «*selv om jordskiftesaker kan virke opprivende mens de pågår, vil de langt fleste på sikt bidra til å redusere konflikter*» (Øygaard et al., 2009, s. 11). Dette kan sjølvstund variere frå sak til sak, og over tid. Likevel ser ein at saker som innebar både usikkerheit, oppleving av å ikkje få tilstrekkeleg med rettleiing og ikkje følte seg forstått av dommarer, fortsett det høge konfliktnivået.

5.5 Korleis utviklar konfliktnivået seg?

Konflikt er eit negativt ladd ord, og me forbind det ofte med noko dumt eller trist. I denne undersøkinga går rekvisering av jordskiftesaker utan konflikt, att i sakene. Til tross for at det ikkje føreligg konflikt, vart det sagt av nokre partar at det likevel kunne oppstå ueinigheiter eller mindre konflikter. Konflikter fører òg med seg ei positiv side. Det er nemleg naudsynt med konflikter for å nå mål eller føre fram til noko godt (Blandhol, 2014, s. 15). I desse sakene har nokre konflikter ført til ugilde forhold mellom partane, medan i andre tilfelle har konfliktane ført til gode løysingar som partane er nøgde med.

Når ein les figurane nedanfor, bør ein ta til betraktning at nokre partar fortalte at det ikkje var eit konfliktnivå ettersom partane heldt avstand og omgåast ikkje.


Konfliktnivå før saka



Figur 28: Konfliktnivå før saka.

Figur 29 viser at det i utgangspunktet var eit svært lågt konfliktnivå mellom partane før saka. Konfliktnivået var likevel høgast i saker med ordinært rettsmøte.

Konfliktnivå undervegs i saka



Figur 29: Konfliktnivå undervegs i saka.

Figur 30 viser at det i hovudsak ikkje vart endringar i konfliktnivået undervegs i saka. Det som spelar inn på konfliktnivået undervegs i saka, er jordskifteretten si behandling. Ein ser dermed at jordskifteretten si behandling førte auka konfliktnivå i nokre av sakene som vart behandla ved ordinært rettsmøte.

Det må òg takast til betraktning at *ingen endring* betyr at det ikkje er endring i konfliktnivå for saker med både høgt og lågt konfliktnivå. Til dømes saker med høgt konfliktnivå på førehand av saka og etter saka, går under kategorien *ingen endring*.

Døme på partar med auka konfliktnivå er part 12 og 20. Part 12 opplevde auka konfliktnivå hjå enkelte undervegs i saka, og 5-7 år etter saka er ho framleis i konflikt med enkelte.

Jordskiftebehandlninga førte til store negative omveltinga i vennekretsen hennar, noko som gav ei forverring av forholdet mellom partane etter saka. Part 20 fortalte om høg temperatur undervegs i saka, men forklarte det som heilt normalt og noko som gjekk over. Etter saka var det dermed ikkje konflikt mellom partane. Det kan dermed tenkjast at fleire partar klarar å handtere høg temperatur under sjølv saka, utan at det påverkar konfliktnivået og forholdet i ettertid.

Konfliktnivå etter saka

Figur 31 viser at det i hovudsak ikkje er konflikt etter jordskiftesaka. Likevel opplev enkelte framleis konflikt som følgje av saka.

Samanlikna ein talet saker med konflikt før og etter saka, gjekk talet saker med konflikt ned etter saka. Dette tyder på at jordskifteretten har balansert mellom gode løysingar og bevaring av eit godt naboforhold (Roalkvam, 2003, s. 79).



Figur 30: Konfliktnivå etter saka.

Framleis ser ein at jordskifte ved ordinært rettsmøte fører i større grad til konflikt enn rettsmøte utan innkalla partar. Sjølv om rettsmøte utan innkalla partar kan tenkjast å vere ein effektiv «snarveg» retten tar ved mindre saker som er prega av einigheit, ser det ut som den sosiale effekten med tanke

på konfliktnivå vert lågare.

Det kan dermed tenkjast at det å ikkje møte fysisk opp i ei rettssak medfører mindre negative sosiale effektar for partane.

Når det gjeld saka med konflikt etter saka, vart resterande part sjalu på eigedomen og prosjekta informanten hadde på den ombyta parsellen (*ver obs på at me kun høyre ei side av saka*). Resterande part prøvde alle triks for å få parten til å flytta. I utgangspunktet var partane einige om makebyttet, og rekvirerte jordskifte i samrå. Det kan tenkjast at parten angra på byttet, då han såg at den andre parten kom til å tena ein plass mellom 2-3 millionar på makebyttet ved å leiga ut og selja hytter, jf. delkapittel 5.2, s. 58.

Sak 12 hamna under kategorien *konflikt med enkelte*. Konfliktnivået auka fyrst undervegs i saka. Parten forklarte at saksbehandlinga var «100% profesjonelt», men at resultatet vart «tungt å svelgja for nokre». Vidare fortalte parten fleire negative element i saka som kan ha bidrege til konflikten. Blant anna opplevde parten jordskifte som påtvinge i forbindelse med kraftverksutbygging. Jordskifte vart opplevd som eit ork, mas og stress. Motivasjonen var på botn, og parten såg på jordskifte kun som ei nødvendighet. Samarbeidet mellom partane tok slutt etter jordskifte. 5-7 år etter jordskifte, er framleis vennskapa øydelagde.

I sak 19 auka konfliktnivået etter saka. Dei fyrste 5 åra etter saka var forholdet mellom partane verre. Parten fortel at konfliktnivået auka som følgje av sure miner og kritikk mot at det vart rekvirert jordskifte og vart endringar i marka. Særleg hjå dei eldre grunneigarane, vart konfliktnivået høgt, jf. delkapittel 5.3, s. 65 og 66.

Ved å samanlikna figur 29, 30 og 31, kjem det tydeleg fram at situasjonen på førehand av saka har mykje å bety for korleis forholdet endrar seg undervegs og etter saka. Mellom anna var konfliktnivået høgare i saker der jordskifte ikkje var ønskja. Ein ser dermed at partane si samarbeidsvilje og val av handlingar spelar ei stor rolle ved avleiing av konflikhtar (Øygard et al., 2009, s. 6).

Konfliktnivået i denne undersøkinga var svært lågt. Det same var konfliktnivået for sakstypen § 2 fyrste ledd bokstav b i Rognes og Sky (1998, s. 9) si undersøking. Ein kan dermed sjå at det er eit samsvar mellom konfliktnivået i denne undersøkinga og undersøkinga til Rognes og Sky.

Langtidseffektar

Oppgåva si breie avgrensing i tid, fører til at oppgåva kan undersøkje langtidseffektar på dei eldste sakene. Når det gjeld sakene som er 10-22 år gamle, er det kun tre partar som opplevde negative sosiale langtidseffektar som følgje av jordskiftet. Det er part 9, 16 og 23. Part 9 fortalte at ho har «*for så vidt eit dårleg naboforhold*», og ho held avstand til naboane i dag. Part 16 vert framleis kjefta på av resterande partar i saka. Naboforholdet har etter 15-17 år gått frå å vere ulevelig til levelig, noko som er positivt. 20-22 år etter jordskiftet, opplev part 23 framleis eit konfliktnivå. Partane kan endeleg slå av ein prat igjen, men ho fortel at ho ikkje stolar på naboane. Under praten tek ho på seg ei slags «*høflegheitsgreie*».

Dei 12 andre partane innanfor tidsintervallet 10-22 år, opplevde ikkje negative langtidseffektar når det gjeld konfliktnivå.

Utanforståande tredjepart

I nokre av sakene med konflikt var det ein utanforståande tredjepart som bidrog til at problema oppstod eller var ein del av konflikten. Førre avsnitt, *langtidseffektar*, kom det fram at sak 23 opplevde langtidseffektar (20-22 år) av jordskiftet. Saka innehaldt òg ein utanforståande tredjepart som var medverkande til konflikten. Motsetnadsvis frå tingretten, løyser jordskifteretten heile sakskomplekset og ikkje kun enkelte tvistepunkt. Ettersom tredjepart ikkje er ein del av saka, løyser ikkje jordskifte opp i problema knyta til den parten. I denne undersøkinga er tredjepartar kommune og statlege aktørar. Desse kan ikkje dragast inn som partar i ei sak for jordskifteretten, ettersom dei ikkje er grunneigarar, rettshavarar, osv. Problematikken knyta til utanforståande tredjepart er utfordrande å hanskast med, men betydninga av innblandinga er svært stor for involverte partar.

5.6 Oppsummering av drøftinga

Det er ingen tvil om at sosiale effektar oppstår som følgje av jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b og jskl. (2013) § 3-4. Tydelege tendensar av sosiale effektar går fram av den teoretiske referanseramma og den kvalitative undersøkinga. Oppsummeringa av dei sosiale effektane kjem vidare i teksten.

Parten sjølv

Når det gjelder sosiale effektar for parten sjølv, slo dei i større grad ut positivt enn negativt. Likevel viste partane sjeldan til positive verknadar dei hadde oppnådd ved jordskifte.

Driftande bønder i utvalet informantar, opplevde ikkje sosiale effektane like valdsame som dei eldre bøndene. Dagens fokus er ikkje på den kjenslemessige tilknytninga til teigen, men på effektiviteten i landbruket.

Brot i avhengigheita til naboen gav partane moglegheit til å råda over eigen eigedom.

Fleirtalet har «gløymt» jordskiftet, og opplevde det ikkje som eit inngrep i eigedomsretten.

Oppgåva sitt breie tidsperspektiv viser at «tida leger alle sår» i opp til fleire saker. Negative effektar vart positive, noko som poengterer at kjenslene kan vere sterke under og i nær tid etter eit jordskifte (Roalkvam, 2003, s. 79).

Relasjonen

Derimot når det gjelder relasjonen, peikar pila hovudsakleg mot positive sosiale effektar. Ein ser at eit jordskifte ikkje betre relasjonen mellom partane, medan eigedomstilhøva mellom partane vart betra.

Felles rekvirering av jordskifte er prega av einigheit ved inngangen av jordskifte. Einigheita bidreg til færre konflikhtar, men likevel betrast ikkje forholdet mellom partane. Det er grunn til å tru at avleiing av konflikhtar gjekk føre ved samarbeid om løysingar mellom partane, samt partane sine val av handlingar.

Kva skyldar effektane?

På spørsmålet om kva som skyldar dei sosiale effektane, er det ikkje mogleg å peike ut eit enkeltelement som fører til sosiale effektar. Undersøkinga viser at sosiale effektar vert til ved ein

kombinasjon av fleire element ved saka. Hovudfunna *Endring i forhold mellom partane, Som følgje av saka, Samarbeid og Konflikt* syner til at effektane heng saman i ei slik sak.

Det går fram av drøftinga i delkapittel 5.4 og 5.5 at *rettsmøte utan innkalla partar* i mindre grad er prega av konfliktar enn ordinært rettsmøte.

Tross det breia tidsrommet oppgåva undersøker, skilte ikkje nokre tidsintervall seg ut. Dei sosiale effektane var spreidd jamt fordelt. Det breie tidsrommet gav derimot eit syn på jordskifte sine langtidseffektar, noko som gir grunn til å tru at sosiale effektar kan vere permanente.

Det går fram av funna i kap. 4 at kjenslene og relasjonane endrast over tid. Det er difor grunn til å tru at negative konsekvensar av jordskifte dempast etter kvart som åra går.

Konfliktnivå

Undervegs i sakene auka konfliktnivået, medan etter saka vart dette lågt att. Det tyder på fleire partar klarar å handtere høg temperatur under sjølve saka, utan at det påverkar konfliktnivået og forholdet i ettertid. Konfliktnivået etter sakene, tyder på at jordskifteretten har balansert mellom gode løysingar og bevaring av naboskapet.

Det kjem fram av undersøkinga at konfliktløysing ikkje nødvendigvis inneberer at forholdet mellom partane vert betre, men at eigedomstilhøva vert betre. Basert på drøftinga tidlegare i kap. 5, kan det tenkjast at jordskifteretten er betre på konfliktløysing enn relasjonsbygging. Derav vert få forhold betra, men heller uforandra.

Del VI – Avsluttande refleksjonar

Refleksjonar rundt metodeval s. 80

Betraktningar rundt studien sitt
tema og problemstillingar s. 81

Andre refleksjonar s. 82

6 Kapittel – Avsluttande refleksjonar

Dette kapitlet består av eigne inntrykk og tankar danna ved arbeidet av undersøkinga. Eg vil gjera deg merksemd på at refleksjonane ikkje uttrykker resultat.

6.1 Refleksjonar rundt metodeval

Analysearbeidet førte til oppdaging av ulike svakheiter ved metoden. Desse vil bli gjennomgått nedanfor.

Fordelen med kvalitativ metode, er at det gav individuelle forskjellar. Dermed vart sosiale effektar belyst frå ulike perspektiv. Nokre spørsmål vart stilt med førehandsbestemte svarkategoriar, typisk «*betre, uforandra eller verre*». Det vart difor mogleg å framstilla funna på ein kvantitativ måte ved nytting av diagram og søylediagram.

Svakheita ved den kvalitative metoden, var tida det kravde. Det var svært tidskrevjande å setja seg inn i mange saker og samanhengar. Samt skaffe seg forståing for ulike situasjonar og formulere presise spørsmål. Etter innsamlinga av data, måtte materialet systematiserast og transkriberast. Òg dette tok svært lang tid.

Kanskje eit spørjeskjema burde blitt nytta framfor intervju. Ved ei spørjeundersøking hadde kanskje partane vore ærlegare. Sjølv om intervjuet var anonymt, kan det vere skremmande å vere 100% ærleg framfor ein ukjent intervjuar. Det er òg mogleg å undersøkje eit større omfang informantar ved eit spørjeskjema framfor intervju.

Ved å intervju kun ein part i saka og dermed ei side av saka, har det vore utfordrande å få eit heilskapleg bilete av sosiale effektar i saka. Ulike partssider kan ha ulike oppfatningar og tankar. Desse eventuelle ulikskapane innanfor same sak, oppdagar ikkje denne oppgåva. På den andre sida resulterer undersøkinga i eit større omfang saker og ulike perspektiv på sosiale effektar, ved å undersøkje kun ei side av saka. Dersom «*begge sider*» ved saka skulle intervjuast, ville sannsynlegvis maks 10 saker blitt undersøkt. Noko som kunne gitt ei svært einsidig oppgåve.

Det å intervju 25 partar var svært omfattande og svært tidkrevjande. Mangel på erfaring innanfor denne typen undersøking, førte til ei optimistisk utforming av intervjuguiden. Nokre spørsmål vart ikkje nytta ved drøftinga av problemstillinga. Ei reformulering av spørsmåla kunne gitt meir eintydige svar. Undervegs i prosessen dukka det opp nye spørsmål som burde vore stilt, men som på grunn av manglande kunnskap ikkje vart teken med i intervjuguiden.

6.2 Betraktningar rundt studien sitt tema og problemstillingar

Temaet for undersøkinga har vore sosiale effektar av jordskifte, avgrensa til ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett. Undersøkinga og framstillinga av undersøkinga fokuserer på problemstillinga, samt underproblemstillingane. Til tross for dette, har undersøkinga si avgrensing til ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett på mange måtar blitt utvida. Grunngevinga for dette er jordskifterettane sin breidde bruk av verkemidlar i jskl. Nokre saker innebar grensegang i tillegg til ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett og klarlegging av rettsforholda, jf. jskl. (1979) § 88 og jskl. (2013) § 3-14.

Det kan òg tenkjast at temaet sosiale effektar kunne blitt belyst på andre og gjerne betre måtar, blant anna i ei meir detaljert grad enn i denne undersøkinga. Ved å undersøkje enkeltståande eller andre element, ville undersøkinga kanskje oppnådd andre resultat. På grunn av undersøkinga si avgrensing i tid og ressursar, var det ikkje moglegheit for å utforske temaet i ei vidare utstrekning.

Resultatet sett gjerne hovudfokuset på dei negative sosiale effektane. Likevel vart det peika på positive sosiale effektar, sjølv om undersøkinga i mindre grad fastslo desse.

Problemstillinga var «*Kva sosiale effektar medførte jordskifte etter jordskiftelova 1979 § 2 fyrste ledd bokstav b og jordskiftelova 2013 § 3-4?*». Eit enkelt element kan ikkje svara på dette, då fleire element i saman kan medføre sosiale effektar. Elementa kan vere partane sitt forhold til eigedomen, psykologisk innstillinga til byte av areal, saksbehandlinga, relasjon mellom partane og konfliktnivå. Det kan vere ei påkjenning å halde seg til ei jordskiftesak, noko som i seg sjølv kan resultere i sosiale utfordringar for parten. Sosiale effektar kan oppstå av ulike årsaker og måtar, avhengig av kvar enkelt sak, individ og dommar. Ein kombinasjon av ulike element kan òg utløyse sosiale effektar, og dermed vert det problematisk å tildele skyld til bestemte hendingar.

Etter arbeidet med oppgåva vart det tydeleg at kvar jordskiftesak på mange måtar er unik. Kvar sak utgjer eigne føresetnadar, verkemiddel, forhistorie og partsgrupperingar. Eigedomen si utviklingshistorie vert påverka av jordskiftet. Sporvalet etter jordskiftet vart gjerne eit anna enn den elles ville tatt. Dette kan ha innverknad på korleis eg oppfattar omgrepet «sosial effekt av jordskifte». Det hadde vore interessant å sett på det kontrafaktiske: *Kva hadde skjedd utan jordskifte?*

6.3 Andre refleksjonar

Etter mi meinig bør temaet *sosiale effektar* bli undersøkt i eit større omfang. Jordskiftesaka har stor innverknad på partane si oppleving og vurdering av behandlinga i jordskifteretten. I denne undersøkinga har partane peika på fleire negative enn positive sosiale effektar, og difor er det viktig å fokusere på konsekvensar for den sosiale utviklinga. Det er ofte lettare å bite seg merke i negative sosiale effektar, og for involverte partar er desse effektane svært viktig. Negative sosiale effektar har gjerne ein tendens til å verte vurdert saman med andre ulemper, noko som kan peike sosiale effektar i negativ retning. Det er like viktig å fokusere på positive sosiale effektar som til dømes det å sjølv råde over eigen eigedom og det å verta frigjort frå avhengigheita til naboen.

I vurderinga av sosiale effektar bør ein vere merksemd på Roalkvam si uttale om at *«kjenslene kan vere sterke under og i nær tid etter eit jordskifte, kanskje særleg hjå eldre partar»* (Roalkvam, 2003, s. 79), då dette kan påverke partane si uttale. Sterke kjensler i nær tid etter eit jordskifte hjå eldre, merkast i oppgåva. Jo eldre partane var, jo meir vart fortalt og jo meir om livet deira generelt vart fortalt. Intervjua med dei eldste informantane tok dermed mykje lengre tid enn med dei yngre.

Undersøkinga viser at sosiale effektar påverkar partane si vurdering av jordskiftesaka i ettertid. Fokus på sosial utvikling i relasjonane, er difor viktig i ei jordskiftesak. Rettleiing av partar kan vere både utfordrande og tidkrevjande, medan jordskifteretten skal beherske det. Partane treng òg at jordskiftedommaren viser forståing for partane sine ulike synspunkt og saka, til tross for at det kan vere tidkrevjande. Jordskifteretten bør ta seg tid til dette for å minske negative sosiale effektar.

Å avgrense undersøkinga til jskl. (1979) § 2 fyrste ledd bokstav b og jskl. (2013) § 3-4, opplev eg som ei god avgjerd. Det same gjeld tidsintervalla. Likevel kan det tenkjast at ei anna avgrensing kunne gitt ein annleis konklusjon på sosiale effektar. Masteroppgåva dekkjer kun ein liten del av temaet. Temaet sosiale effektar bør difor undersøkjast i større grad, då temaet har stor påverknad for involverte partar.

Ved samanlikning av ordinært rettsmøte og rettsmøte utan innkalla partar, var det færre negative sosiale effektar ved rettsmøte utan innkalla partar. Eg tenkjer at ei mogleg årsak til færre negative effektar, er det at partane ikkje møter opp fysisk i retten. Det å møte i ein rettssak påverkar psyken i stor grad, og dermed blir stressnivået og gjerne konfliktnivået høgare. Partane som slepp å stille i rettsmøte, har kjensla av å ikkje vere i ei rettssak. Noko som minskar saka sitt innspel på psyken og stressnivået.

Tenk at ein samtale kan gi innsyn og belyse ulike sosiale utfordringar parten har møtt på i ei sak for jordskifteretten, samt kva effektar desse har medført.

Eg sitt att med mykje meir og breiare kunnskap rundt temaet sosiale effektar av jordskifte, og ikkje minst har eit større innblikk i korleis partane vert påverka av jordskifte dei er med i.

Under arbeidet med å samle inn datamateriale og skaffe intervjuobjekt, tenkte eg at eg aldri kom til å komme i mål med oppgåva. Allereie på dag to av innsamlinga fekk eg avslag frå 16 av 18 intervjuobjekt. Sjølv om det å gi opp ikkje var eit alternativ, såg eg ikkje lyst på oppgåva. Under skrivinga av kapitela «Presentasjon av empiri» og «Analyse og drøfting» synst eg oppgåva vart svært interessant. Nye og spennande funn gav meg giv til å fortsetje å undersøkje og skrive. Ikkje minst genererte funna nye masteroppgåver. Blant anna kan det undersøkjast i kva grad jordskifteretten nyttar rettsmøte utan innkalla partar og synfaring i andre saker.

Kjelder

Kjelder

s. 85

7 Kjelder

- Aubert, V. (1985). *Det skjulte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aunsborg, C., Christensen, F. K., Schrøder, L. & Hvingel, L. T. (2012). ABC-modellen
- Austenå, T. (1997). Vilkårene for å kreve jordskifte, 57 (4), s. 224-232.
- Austenå, T. & Øvstedal, S. (2000). *Jordskifteloven med kommentarar* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Behar, R. (1986). *Santa Maria del Monte: The Presence of the Past in a Spanish Village* (1. utg.) Princeton University Press A.
- Bjerva, Ø. J., Holth, F., Reiten, M., Sky, P. K. & Aasen, I. (2016). *Jordskifteloven kommentarutgave*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blandhol, S. (2014). *Konfliktanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Borgedal, P. (1959). Jordskiftets betydning for landbruk og samfunn. I T. Grendahl (Red.), *Jordskifteverket gjennom 100 år*, s. 360-367. Oslo: Det kgl. Landbruksdepartementet.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal.
- Elvestad, H. E. & Sky, P. K. (2019). Effects of Land Consolidation in Norway, 14 (1), s. 64-78. doi:<https://doi.org.10.30672/njsr.82456>
- Engjoberg, I. (1986). *Effekt av jordskifte - studier av tre jordskiftefelt i Møre og Romsdalen* (ISBN 82-675-6051-0). Ås: Norges landbrukshøgskole.
- Engås, T. (2019, 16. februar). Inntil tre års ventetid i jordskifteretten. *Sunnmørsposten*. Henta 15.04.20 frå <https://www.smp.no/nyheter/2019/02/06/Inntil-tre-%C3%A5rs-ventetid-i-jordskifteretten-18418580.ece>
- Finnanger, R. (2009). Tilkjenning av kostnader ved fremme av jordskifte. I Ø. Ravna (Red.), *Perspektiver på jordskifte*, s. 311-334. Oslo: Gyldendal.
- Hoddevik, C. L. (2012). *Ein studie av effektar av jordskifte - Ved etablering av vegar etter jordskiftelova § 2 bokstav e*. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap.
- Innstillingsrådet for dommere. (2017). Årsmelding 2017. Henta 06.05.20 frå <https://www.domstol.no/globalassets/upload/da/domstol.no/om-domstolene/innstillingsradet/arsmeldinger/arsmelding-2017.pdf>
- Innstillingsrådet for dommere. (2018). INNSTILLINGSRÅDETS PRAKSIS-/POLICYNOTAT. Henta 14.05.2020 frå https://www.domstol.no/globalassets/upload/da/domstol.no/om-domstolene/innstillingsradet/dokumenter/pp-notat_juni-2018-endret-180618.pdf
- Innstillingsrådet for dommere. (u.å.). 9. Kjønn. Henta 06.05.20 frå <https://www.domstol.no/innstillingsradet/ledige-dommerembeter/soknadsprosessen/9-Forholdet-mellom-innstillingsradet-og-DASekretariatet/>
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Jordskiftelova. Lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m.
- Jordskifteloven. Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a.
- Landbruks- og matdepartementet. (2012). *Prop.101 L (2012–2013) Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)* (Prop.101 L (2012–2013)). Henta 20.01.20 frå <https://lovdata.no/pro/#document/PROP/forarbeid/prop-101-l-201213?from=NL/lov/2013-06-21-100/%C2%A73-3>
- Landbruks- og matdepartementet. (2018). Jordskifte og grensesaker. Henta 26.02.2019 frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/landbrukseiendommer/innsikt/jordskifte-og-grensesaker/id2482546/>
- Langbach, T. (2009). Jordskiftedomstolene og de alminnelige domstolene - likheter og ulikheter. I Ø. Ravna (Red.), *Perspektiver på jordskifte*, s. 35-48. Oslo: Gyldendal.
- Laskemoen, A. K. (2011). *En studie av sosiale effekter av jordskifte - ved oppløsning av sameie*. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap.

- Lotherington, A. T. (1990). *Intervju som metode*. Tromsø: Forut.
- Lund, T. R. (2013). *Analyse av tapsgarantien i jordskifteloven - Et bidrag til forståelse av jordskifteloven § 3 bokstav a sin funksjon*. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap.
- Läpple, E. C. (1992). *Flurbereinigung in Europa*. Reihe B: Flurbereinigung, Heft 78, Schriftenreihe des Bundesministers für Ernährung, Landwirtschaft und Forresteren. Muenster-Hiltrup: Landwirtschaftsverlag.
- Myrvold, G. H. (2012). *Effektstudie ved jordskifte I henhold til sams tiltak i vegen etter jordskifteloven § 2 bokstav e*. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap.
- Reiten, M. (2012). Jordskifteretten som konfliktløser. *Kart og plan*, 77, s. 227–229.
- Ringdal, K. (2009). *Enhet og mangfold* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Roalkvam, O. (2003). *Jordskiftelova § 3 a og "nyttan for kvar einskild eigedom"* (ISBN 82-575-6075-8). Ås: Norges Landbrukshøgskole.
- Rognes, J. & Sky, P. K. (1998). Mediation in the Norwegian Land Consolidation Courts. Henta 15.05.20 frå https://minds.wisconsin.edu/bitstream/handle/1793/21977/56_wp14.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Sky, P. K. (2009). Jordskiftets ulike effekter. I Ø. Ravna (Red.), *Perspektiver på jordskifte*, s. 367-396. Oslo: Gyldendal.
- Sky, P. K. & Elvestad, H. E. (2020). Land consolidation - an emotional process for the parties involved. In: Sante. I.R. (Ed). Land management. Transferring valuable knowledge to future generations. University of Santiago de Compostela.
- Tvisteloven. Lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister.
- Åsbø, S. H., Fosse, Å. F. & Nesse, H. K. V. (2018). Kva kjenneteiknar tre-konfliktar etter grannelova? Høgskulen på Vestlandet, Bergen.
- Øygaard, I., Høyvik, S., Olsen, M., Verkland, L. & Sætermo, I. A. F. (2009). *Gevinstbetraktninger ved jordskifte*. Trondheim: Domstol administrasjonen.